



# årsmelding rekneskap



Foto: Jarle Kaldråstøy

# Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkelson	2012–



# årsmelding rekneskap 2015

1914  2015

---

# ÅRSMELDING 2015

**Dagsorden årsmøte den 14. april 2016.**

1. Opning.
2. Val av ordstyrer og møtereferantar.
3. Valg av to representantar til underskrift av protokoll.
4. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
5. Årsmelding frå hovedstyret.
6. 1. Årsmelding frå gruppene.
6. 2. Årsmelding frå allianseidrettslag.
7. Godkjenning av årsregnskap frå hovedstyret og gruppene.
8. Innkomne forslag.
9. Godkjenning av hovedlaget og gruppene budsjett 2016.
10. Fastsette kontingent for 2016.
11. Godkjenning av gruppestyra.
12. Valgkomiteen si innstilling.
13. Heidersmerker.
14. Avslutning.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

---

### 1. STYRET 2015.

Leiar:	Magne Jostein Mikkelsen
Nestleiar:	Alf Martin Wikdahl
Unge Aktive:	Jakob Iversen
Styremedlemmar:	Arve Havnerås Nina Sleen Marianne Hatlevik

Styret har hatt sju styremøter i perioden der gruppeformennene har vore invitert til eit utvida styremøte i etterkant av hovedstyremøte. Dette tiltaket har fungert godt, og frammøte frå dei ulike gruppene har vore svært bra. Hovedstyret har hatt fem styremøter berre for hovedstyret. Det er også avhalde ei rekke særsmøter med leiarar for fleire av gruppene.

Formann i Hovedlaget har hatt mange møter med Stord Idrettspark og Stord kommune for å betra dei daglege vilkåra for laga våre.

På årsmøtet i Stord Idrettslag i vår, vart det vedteke å tre ut av Stord Idrettspark AS. Her eig Stord Idrettslag 40%. Dette medførte at den andre eigaren, Stord kommune, konkluderte med det same.

Stord Idrettslag valgte ei arbeidsgruppe som forutan hovedstyret besto av representantar for fotball, handball, turn, friidrett og skeiser. Mandatet til denne gruppa var å forhandla fram ein ny leigeavtale for idrettslaget for bruk av anlegga me treng.

Den nye leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedteke i kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år og omfattar alle anlegga på Vikahaugane, Langelandsbanen og Åsbanen. Stord Idrettslag betalar ei årleg leige på kr 1.200.000 for dette. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og heile helgane. Me har rett til framleige i denne tida og beheld inntektene dette gjev. Vidare har me alle inntektene av reklamesalg på anlegga.

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald, og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber at Stord Idrettslag også skal gjera litt vedlikehald på anlegga. Avtalen inneholder også leige av om lag 20 timer trening i Nordbygdhallen.

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Handball Elite, Stord Fotball, Stord Orientering og Stord Svømming er sjølvstendige klubbar i alliansen, fungerer no godt. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp.

For historia blir årsmeldingane for allianseidrettslaga inkludert i denne årsmelding under seksjon 6 B. Årsmeldinga under denne seksjonen vert handsama som ei orienteringssak.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### 2. MEDLEMSTALL OG HOVEDOPPGÅVER.

Hovedstyret har også i år jobba med å få betre oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag, og arbeidet vil fortsetta for fullt i 2016. Innkrevjing av medlemskontingent er i 2015 sett ut til Pacta. Dette har fungert bra, men for 2016 satsar me på å greie dette sjølv ved vår nytilsette daglege leiar.

Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaga har Stord Allianseidrettslag no 2.314 medlemmer pr. 31.12.2015, av desse er det 805 jenter og 759 gutter mellom 3 og 19 år. (2014: 804 og 852). Dette er ein nedgong i medlemmer, som har si årsak i at me no har fått orden på medlemsmassen (ein del aktive har vore registrert i fleire grupper).

Hovedstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag, for å gi fleire born og unge eit tilbod.

### 3. HØGDEPUNKT

Denne delen er delt i to avsnitt, der siste delen omhandlar allianseidrettslaga.

#### **Handball**

Handballgruppa har, etter at elitesatsinga vart skilt ut som eige lag i allianse, hatt ansvaret for alle under 16 år på herresida, samt alle på damesida. I serien er det påmeldt 57 lag. Damelaget i 2. divisjon enda på ein sterk 3. plass i serien 2014/2015. 4.divisjonslaget enda på 6. plass.

Stord United er ein fantastisk gjeng som viser stor idrettsglede i alle sine kampar.

Handballfestivalen vart arrangert for 26. gong. Det vart den største turneringa nokon sinne med 410 lag og godt over 4.000 deltakrar. Dette er det desidert største arrangementet i Stord Idrettslag. Arrangementet gjekk som vanleg knirkefritt under leiing av «Team Kjartan».

#### **Friidrett**

Friidrettsgruppa har også i 2015 markert seg positivt i Stord Idrettslag. For første gong har me hatt utøvarar med i junior EM, Universiaden og veteran-VM. I senior-NM i Haugesund fekk klubben sølv ved Tom Erling Kårbo og bronse ved Harald Kårbo på 3000 meter hinder. Lars Lunde vann NM i halvmaraton i juniorklassen.

I aldersbestemte klassar har utøvarar frå Stord markert seg svært godt både i krets- og nasjonal samanheng.

Stordløpet vart arrangert for 39. gong i september 2015 med godt oppmøte. Bru- og Halvmaratonløpet har også ei fin stigning i deltakrar. Nytt av året er Tour de Stord som var ein samanlagt konkurranse som gjekk over fire dagar. Stordleikane hadde i 2015 noko mindre deltaking grunna arrangementskollisjon med andre nasjonale stemner, men gav god økonomisk utteljing gjennom godt arbeid med sponsorar.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

---

### Turn

Gruppa har ein liten nedgang i medlemstal, særleg blant dei yngste, men det er ikkje dramatisk.

Konkurransegruppa på 15 ungdommar har delteke på fleire stevner nasjonalt og regionalt, deriblant NM Junior og Norges Cup.

Konkurransetropp i tumbling/trampett er relativt nytt i turngruppa. Under "Gymfest i Vest" på Sotra vann dei juniorklassen både i tumbling og trampett.

### Ski

Skigruppa arrangerte eitt barneskirenn og eitt rankingrenn i 2015.

Det er gjennomført fem rulleskirenn i Prestegardsskogen, der eit av desse var eit kretsrenn. Tysdagstrimmen hadde 30 års-jubileum i haust. Det vert jobba svært godt i barne- og ungdomsgruppa. Denne gjengen markerar seg godt i renn både i og utanfor fylket vårt.

Gruppa sine medlemmar har også i år delteke i Birkebeinerrennet, Vasaloppet og ei rekke nasjonale og lokale renn.

Den nye løypemaskinen er i full drift, noko som gir ein svært god kvalitet på løpene. All løypekjøring føregår på dugnad, til fri bruk for ålmenta.

### Skeiser

Skeisegruppa markerar seg godt i det norske skeisemiljøet. Samanliknar ein personlege rekordar pr. 01.01.2015 og 01.01.2016 viser dette svært stor framgang for fleire løparar, særskilt mellom dei yngre er det mange lovande løparar. Gledeleg er det også at me har fleire lovande jenter med i gruppa.

I elitegruppa har Magne Notland og Espen Brask Nordfond teke eitt år til i Calgary i Canada og satsar fullt på skeiser. Dette har så langt gitt fantastiske resultat. Terje Almås, Magnus Brask Nordfond, Jon Greger Notland og Kristian Aas viser stadig framgang og deltek på nasjonale stemner.

Mellom veteranane er det mange flotte resultat, der særleg Onar Westerheim, Harald Westerheim og Jan Henriksen deltok både i inn- og utland.

### Volleyball

Damelaget enda på 5. plass i 2. divisjon i sesongen 2014/2015. I sesongen 2015/16 låg laget på 4. plass ved årsskiftet. Herrelaget vann 3. divisjon og rykka opp til 2. divisjon i sesongen 2014/2015. I sesongen 2015/2016 ligg laget midt på tabellen.

Blant dei yngste viser gruppa flott framgang og fleire av laga på jente- og guttesida hevdar seg godt, men det er ønskeleg å få med fleire unge i gruppa. Minivolleyball for jenter i alderen 8-11

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



år er blitt godt motteke av dei yngste. Volleyballgruppa har gjort mykje dugnad for å halda sandvolleyballbanen i orden. Av arrangement må nemnast Hobby Volley-turneringa som vert arrangert kvar vår og haust.

### ALLIANSELAGA

#### Fotball

Stord Fotball sitt herrelag rykte opp til 2. divisjon etter ein spanande haustsесong. I NM tapte me i 1. runde mot Nest Sotra på Stord Stadion.

Eit ungt damelag spelte i 3 div i 2015, men enda på nest siste plass og rykte ned i 4 div.

Det har vore jobba godt og målretta i ungdomsavdelinga og barnefotballgruppa. I 2015 har Stord Fotball delteke med 50 lag i serien og tel 640 medlemmar. Dette gjer klubben til ein av dei største i Hordaland.

Viktige rekrutteringstilbud er Talentskulen, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

#### Orientering

Det har også i år vore god deltaking på lokalløp og turorientering. Nytt av året er ”Finn Framdagen” på Lundstre og bildejakt saman med Frisklivssentralen i Stord Kommune. Begge arrangementa hadde god deltaking, og er viktige i rekrutteringa til orienteringssporten.

Sportsleg har allianselaget hevda seg svært godt i fleire mesterskap i år. Her må nemnast Stian Rykkje som vart Vestlandsmeister i H15-16.

Kristtornløpet er det største lokale arrangementet i 2015.

#### Svømming

Svømmarane i alle grupper har hatt fin sportsleg framgang i 2015. Me har hatt deltakarar på NM senior og junior. Vidare har fleire svømmarar delteke på Bergen Swim Festival, Stavanger Open og i Nordsjøstemnet.

Det har også i 2015 vore satsa godt på svømmeopplæring, der ”Svømmeaksjonen 2015” gav opplæring til 30 barn frå barnehagar og 15 frå Heiane Mottak.

”Tryggivann 2015” samla 83 barn til svømmeopplæring.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

### Handball Elite

Stord Handball Elite har ansvaret for Elitelaget, eit 2. Divisjonslag, eit 4. divisjonslag og Gutar 18.

Herrer Elite enda på 7. plass i serien. Ved utgangen av året vart det teke drastiske grep for å få kontroll og orden på økonomien. Dette medførte at trenaren og fira spelalarar vart løyst frå kontraktane sine. Styret i Handball Elite skal ha skryt for ryddig og god jobb.

Konsekvensen av dette er at laget går mot nedrykk. Saman med Handball Bredde skal det lagast ein strategi for satsing på eigne spelalarar framover.

### Alle grupper og allianselag:

Det er all grunn til å gleda seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidrett. Det er her me skapar bredda som gjer at me seinare kan utvikla toppar i dei enkelte idrettane. I eit godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med det beste i landet.

Likevel skal hovudregelen i arbeidet vårt vera:

*å skapa ei meiningsfylt fritid for alle på alle nivå.*

### 4. ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyringa, og alle gjekk med overskot i 2015, med eit unntak: skeisegruppa. Deira underskot skuldast at dei er midt i sesongen ved årsskiftet. Styret i Hovedlaget legg fram året sitt regnskap som viser eit driftsresultat for 2015 med eit overskot på

**kr 1.174.735**

Total omsetning utgjer **kr. 8.713.533**

Desse tala omfattar ikkje dei fire gruppene som er gått ut som sjølvstendige idrettslag i alliansen.

Hovedlaget har, etter at Stord kommune vedtok å gi muligheter for lån i kraftfondet, tatt opp lån til mellomfinansiering av fleire prosjekt. Desse er gjort opp i løpet av 2015.

Styret i Hovedlaget vil understreka at alle regnskap er ført i samsvar med god rekneskapskikk i et nært samarbeide med laget sin revisor, KPMG.

Budsjettdisiplin og styring, med fokus på auka inntekter, vil bli sentrale tema i tida som kjem. Interne rutinar i rekneskapsføring er i 2015 vorte mykje betre. Dette skuldast i hovudsak tett oppfølging av hovudlaget sin rekneskapsførar Inge Bjelland, og KPMG. Inge Bjelland sluttar

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



av ved årsskiftet, men vil i 2016 vera mentor for vår nye regnskapsførar. Ei stor takk til Inge for godt arbeid i mange år.

### 6. SAMFUNNSREKNESKAP

Styret i Hovedlaget utarbeida i 2003 for første gang eit samfunnsregnskap for å synliggjera den innsatsen som idretten bidrar med i samband med å skapa ei meiningsfylt fritid og gode opplevingar for born og ungdom.

Styret har fortsett dette arbeidet sidan oppstartinga, og den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og ikkje minst dugnadsarbeidande medlemmar utgjer ein formidabel verdi i overkant av **70 MNOK**.

Styret har ved ei rekke anledningar presentert denne innsatsen overfor både politikarar, presse og sentrale delar av Norges Idrettsforbund. I budsjettdebatten i Stord kommune hausten 2015 fekk me gjennomslag for støtte til dagleg leiar på kr. 200 000. Vidare vert det jobba politisk for å få fri leige for overnatting på skular. Desse tinga ser me på som ei anerkjenning frå Stord kommune for det arbeidet me legg ned.

Det blir ei særskilt viktig oppgåve for både hovedstyret og gruppestyra, i eit samarbeid med Idrettsrådet, å få fram verdiskapinga me står for.

**Me skal delta i utviklinga slik at me skaper eit levedyktig samfunn med gode oppvekstvilkår, og ei meiningsfylt fritid for oss alle.**

**Styret i hovedlaget vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg.**

### 7. ANLEGGSSUTVIKLING

I langtidsbudsjettet for Stord kommune er det sett av betydelige midlar til renovering av Stord Idrettspark. Hovedstyret med styreleiar i spissen har teke aktivt del i planlegginga og gjennomføringa av dette arbeidet. Stord Idrettslag er svært spent på kva som kjem til å skje med Rackethallen. Dette er ein viktig arena for breddeaktiviteten i handballgruppa.

Fotballgruppa har gjort ein fantastisk jobb med å få på plass nytt garderobebygg både på Vikahaugane og ved Langelandsbanen. I 2015 er garderobebygget og sekreteriathuset på Vikahaugane bygd saman. Dei er i ferd med å ferdigstilla ei flott miljøstove i andre etasje. Dette har medført at fotballgruppa har teke opp privat lån for å få dette realisert. Her er me i dialog med Stord kommune for å få ei kommunal støtte til å redusera lånegjelda. Dette er eit rimeleg krav, all den tid skulane nyttar desse nye fasilitetane på dagtid gratis.

Skeisegruppa jobbar framleis med å få tak over skeisebanen. Det ligg føre eit prosjekt som er godkjent av departementet. Målet er å greia å få på plass ei finansiering i løpet av 2016.

Skigruppa har i 2015 arbeidd fram planar for opprusting/ny veg til Heio, samt skissert nytt stadionanlegg på nedre Heio. Her må Stord kommune på banen når det gjeld vegen. Vidare er



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

det vist betre veg frå eksisterande skistadion og fram til Lundseter kraftstasjon. Her håpar me på eit samarbeid med SKL som driv kraftstasjonen på Lundseter.

Fotballgruppa har starta arbeidet med ein ny 7`ar-bane bak lagerskura på Stadion. Dette arbeidet vil få prioritet i 2016.

### 8. HEIMESIDER

Hovedstyret har i samarbeid med AREGO utvikla nye internettssider for Stord Idrettslag. Utfordringa er å oppdatera sidene slik at medlemmer og andre får informasjon om kva som skjer i laget. Her er det for stor skilnad mellom gruppene. Dette vert eit arbeid ny dagleg leiar i laget må prioritera i 2016.

### 9. TILLITSVALDE

Stord Idrettslag, på same måte som andre lag som driv friviljug arbeid, har ei utfordring i å rekruttera tillitsvalde til dei einskilde funksjonane i gruppene og i hovedlaget.

Det er eit sterkt ynskje å få fleire unge til å delta aktivt i styrearbeid og friidrettsgruppa er allereie i gong med dette arbeidet. Gruppa har i dag eit eige ungdomsstyre som skal ivareta dei yngste medlemmane sine interesser i gruppa. Hovedstyret oppmodar dei andre gruppene i laget til å prioritera etablering av slike ungdomsstyrer.

### 10. ARBEIDSMILJØ

Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet blant dei tilsette i gruppene er godt. Det er likevel i periodar svært høg aktivitet, noko som kan føra til utfordrande belastningar for dei tilsette.

### 11. YTRE MILJØ

Hovedlaget sitt styre er ikkje kjend med at laget, i si verksemd, påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Ingen av laget sine aktivitetar fører til utslepp til jord eller luft. Hovedlaget vil likevel arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel til og frå trening og kampar.

Stord, 24.mars 2015

Magne J. Mikkelsen

Alf Martin Wikdahl

Arve Havnerås

Marianne Hatlevik  
Marianne Hatlevik

Jakob Iversen  
Jakob Iversen

Nina H. Sleen  
Nina H. Sleen

# SIL ÅRSRAPPORT 2015



**Sak 6.1**                    **Årsmelding fra gruppene.**

**Sak 6.1.1**                **Håndballgruppa**

**Sak 6.1.2**                **Friidrettsgruppa**

**Sak 6.1.3**                **Turngruppa**

**Sak 6.1.5**                **Skigruppa**

**Sak 6.1.6**                **Skeisegruppa**

**Sak 6.1.7**                **Volleyballgruppa**

**Sak 6.1.9**                **Idrettsmerket**

**Sak 6.2**                   **Årsmelding fra allianseidrettslag.**

**Sak 6.2.1**                **Stord Fotball**

**Sak 6.2.2**                **Stord Orientering**

**Sak 6.2.3**                **Stord Svømming**

**Sak 6.2.4**                **Stord Handball Elite**



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2015



#### Styret 2015

- Leiar: Aksel Sæther
- Nestleiar: Aud Margrethe Litlabø
- Økonomi: Irene Røyrvik Loftheim
- Sport Dame: Marianne Størkson
- Sport Ungdom: Gaute Straume Epland
- Sport Barn: Tonje Aamot Haga
- Medlemsansvarlig: Einar Balle
- Arrangementsansvarlig: Monica Litlabø

Styret har hatt jamnlege styremøter i heile perioden. Det har og vert jamnlege oppmannsmøter for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

#### Samarbeid mellom Stord Handball og Stord Elite

Styra i dei to klubbane har hatt eit særskilt godt samarbeidsmiljø i 2015. Det vart laga til ein avtale mellom klubbane der ein jobbar kontinuerlig for å nytta ressursane i Stord Elite ned i ungdomsavdelinga. Primært som trenarkrefter, men også som administrativ og driftmessig støtte.

Sponsoravtalar, økonomi og ikkje minst gjennomføring av Handballfestivalen er også område som har vore sentrale i dette samarbeidet.

Dette har knytt klubbane tettare saman, og gjer klubbkjensle og forankring av sportslege og kulturmessige verdiar mykje enklare. Dette er et samarbeid klubbane kjem til å fortsette å utvikla i åra som kjem.

#### Økonomi

Regnskapet ligg vedlagt og syner at Handballgruppa har ein svært god økonomi. 2015 vart særskilt godt på grunn av at treningsavgifta vart fakturert både for 2014 og 2015. Elles er sunn drift, god økonomistyring samt ein framleis fantastisk dugnadssinnsats i samband med Handballfestivalen nøkkelfaktorar til gruppa sitt resultat.

#### Medlemstal

I serien har me hatt 57 lag og har delteke med lag i senior-NM for damer og veteran-NM for herrar.

Alder	6-12	13-19	20+	Totalt
Jenter / Damer	211 (231)	64 (62)	60 (73)	335 (366)
Gutar / Menn	110 (105)	33 (24)	41 (48)	184 (177)
Sum	<b>321 (336)</b>	<b>97 (86)</b>	<b>101 (121)</b>	<b>519 (543)</b>

(Tal i parentes er for 2014)

#### Morgontrening

Frå hausten 2015 har klubben gjeve tilbod om morgontrening for tre ulike grupper: J/G11-12, J/G13-14 og J/G 15-16. Dette har vore populære tiltak, ikkje minst i aldersklassen 11-12, der det har delteke om lag 40 spelarar fordelt på to grupper.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



Ørnulf Botnen, Thomas Aagaard og Oscar Kihlstedt har vore trenarressursar på desse morgontreningane.

### **Handballskule**

Stord Elite arrangerte Handballskule både i vinter- og haustferien. Dette var som vanleg eit sær populært tilbod, og begge hadde god deltaking. Ivrige jenter og gutter vart kyndig rettleia av Bjørn Lindgård, Oscar Kihlstedt og spelarar frå både Elite og Breidde.

### **Handballfestivalen**

Nok ein gong slo me til og laga ei rekordstor turnering i pinsen. Me hadde eit mål om 350 lag, men til slutt enda det på 410 lag og 4.100 deltakarar! Dette førte til ein del utfordringar for komiteen, men motivasjonen er alltid på topp og utfordringane vart løyste – nok ein vellukka Handballfestival vart gjennomført!



Laurdagen vart heilt eventyrlig, om lag 6.000 personar var samla på torget kor Karoline Dyre Breivang opna Handballfestivalen 2015. Søndagen vart den våtaste dagen me kan hugse i festivalen si historie – men deltakarane let ikkje været øydeleggje opplevinga og var i strålende humør til tross for regnet.

Me hadde sjølv sagt utfordringar underveis, spesielt når det kom til innkvartering og bespisning. I tillegg gjorde været sitt til at me måtte flytte mange kampar frå grasbanen til kunstgraset i Prestegårdsskogen. Dette gjekk bra takka vere svært stor innsats frå mange av eldsjelene i klubben vår! Mange av medlemmane gjorde ein svært stor innsats i samband med denne flyttinga og me veit at enkelpersonar hadde over 18 timer dugnad kvar dag i pinsen...



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### HAFO

HAFO-cupen er fortsatt i vinden blant skuleungdommane i Stord og Fitjar kommune. Me gjentok suksessen frå i fjor med MiniHAFO for dei aller minste (1.-3. klasse). Drygt 200 barn fordelt på 28 lag virvla rundt på tre banar i Nyehallen til stor fornøyelse for alle involverte. Denne suksessen vil forhåpentleg visa igjen på rekrutteringa blant våre yngste utøvarar. BarneHAFO-en er ein sikker vinnar og i september samla me om lag 600 barn på 61 lag frå 4.-7.klasse, kor Leirvik Skule forsvarte tittelen som beste skule frå 2014. Dei eldste får si HAFO-turnering i april.



### Nisse-cup

17. desember, vart det arrangert Nisse-cup for laga til og med 10 år. Tradisjonen tru var turneringa prega av herleg entusiasme, nisseluar, førjulsstemning, julebrus og kakemenn for om lag 300 barn fordelt på 20 lag – og det vart eit flott møte med handballen for mange av dei yngste.



### Eksterne turneringar

Laga våre har delteke på ulike turneringar i inn og utland, samt andre mindre turneringar rundt om i regionen. G2000 kjem til å delta på Granollers Cup i Barcelona juni/juli 2016. J2000/1999 vurderer også å reisa, men har ikkje tatt endeleg stilling til dette. Om det viser seg at Barcelona-turen vert vellykka, kan det vera aktuelt å gjera dette til ei fast reise på 16-årsnivå i klubben. I samanheng med utviklinga av ein heilskapleg sportsleg klubbstrategi, vert det jobba for å laga ein plan for kva nasjonale/internasjonale cupar me som klubb oppmodar laga til å reisa på på dei ulike alderstrinna.

### Sportsleg: Minihåndball

Klubben har til saman 27 lag påmeldt i Minihandball (J/G 7-9) i sesongen 2015/16 og gode treningsgrupper for jenter og gutter fødde i 2009 er danna. Me tel no om lag 250 spelarar under 11 år. Det er gledeleg at fleire av trenarane for Minihandball lag er i gang med trenarutdanning. Klubben jobbar vidare med å tilretteleggje for spelarar og leiarar for dei yngste årsklassane – for å kunne gje eit tilbod som gjer at desse er med så lenge som mogleg.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Sportsleg: Ungdom

Klubben har gjennomført to modular i Trenar 1-kurset i 2015. Tredje og siste modul vert gjennomført i februar 2016. Klubben tek mål av seg å gjennomføre komplett Trenar 1-kursing kvart år slik at ein skal ha gode moglegheiter til å gjennomføra trenarkurset. Dette er eit særsviktig ledd i klubbens strategi for å auka kompetansen hos våre eigne trenarar.

Ved sesongoppstart vart det arrangert «Kick-off»-samling for alle lageiarar i klubben. Det nye styret presenterte seg og orienterte om arbeidet som er sett i gong for vidareutvikling av klubben. MOT v/Bjarte Epland, Hans Petter Almås og Remi Sortland hadde eit orienterande føredrag om organisasjonen MOT og kva som skal til for å bli ein MOT-klubb. Andreas Berntsen frå NHF Region Vest hadde føredrag om trening av grunnleggjande basisferdigheiter. Ambisjonen er å arrangera to tilsvarande samlingar i andre halvdel av sesongen (midtvegs og ved sesongslutt).

I tillegg til morgontreningar har det også vorte gjeve tilbod om «open trening» for J/G11-14 ein gong i veka. Jonas Sjølin har leidd desse. Her har det vore om lag 16-18 deltakarar.

Samarbeidet med Stord HK på J/G15-16 har fungert godt. Begge gruppene har behalde alle spelarar og fått nokre "sluttarar" tilbake, og har hatt god utvikling så langt denne sesongen.

Stord har hatt spelarar med på diverse sone-, regions- og bylagssamlingar: J00: To med i spissa gruppe. G00: To med i spissa gruppe, og éin med på bylaget. J99/98: Keeper med på regional landslagssamling. G99/98: To med på regional landslagssamling.

### Sportsleg: Damelaget

Damer 2. divisjon kom på ein sterk 3. plass i sesongen 14/15, fire poeng bak divisjonsvinnar Fyllingen.



Damelaget sesongen 2014/2015



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

Helene Oksholm Matre vart seriens toppscorar med 156 mål på 22 kampar, og ho vart og kåra til seriens beste venstre bakspelar. Susanne Bjelland Saghaug har i løpet av sesongen vore på regionale landslagssamlingar, og Siri Børteit har vore med i regionens spissa gruppe. 4. divisjonslaget enda på ein 6. plass.

Me har i løpet av sesongen hatt eit tett og godt samarbeid med Tysnes IL og Kvinnherad HK. Fleire spelarar frå samarbeidsklubbane har hospitert i treningsgruppene våre og spelt kampar med damelaga våre.

Bjarte Straume Epland fortsette som damelagstrenar sesongen 15/16. I skrivande stund ligg damelaget på 7. plass i 2. divisjon.



Damelaget sesongen 2014/2015

Ingvild Kannelønning tok over trenaransvaret for 4. divisjonslaget etter Marit Løkhammer. I skrivande stund ligg 4. divisjonslaget på 9. plass

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA



### Sportsleg: Stord United (Gullserien)

Stord United er ein fantastisk gjeng som viser stor idrettsglede i alle sine handballkampar. "Tap og vinn med samme sinn" er mottoet til denne humørgjengen. Stord United sitt lag består av elleve spelarar mellom 17 og 55 år. Dei har godt samhald både på og utenfor banen, og er ein gjeng som alltid er i godt humør. Kvar og ein speler møtes på trening med eit smil - og gjerna ein klem 😊

Gjengen har i år hatt ekstra fokus på Fair Play, noko dei har meistra bra. Ein gong i månaden møtes lag frå Bergen, Kvinnherad, Førde og Stord i Gullserien og speler mot kvarandre – og høgdepunktet har vore Landsturneringen på Lillehammer. Her vann dei tre av fire kampar - og var eitt av dei 300 laga som utmerka seg ekstra positivt på banen.



Stord United vert leia av trenarane Borghild Lie Økland, Stine Bransdal, Andre Skogvold og John Andersen og oppmann Aina Skogvold.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Dommarar

I februar fekk klubben endeleg på plass ein dedikert dommaransvarleg. Franny Bøthner starta arbeidet med ei dommersamling i mars, kor alle dommarane i Sunnhordland vart inviterte. 15 dommarar frå Stord, Salhus, Kvinnerherad, Bømlo, Tysnes og Solid møtte til denne samlinga.

Ved sesongstart hadde me fire aktive dommarar, tre som dømmer opp til 12-årsklassen og ein som dømmer opp til 2. divisjon.

I september gjennomførte me barnekampleiar-kurs med 15 deltagarar frå Stord Handball. I oktober hadde me då elleve nye dommarar som kan dømme minihandball-kampar, og fire nye dommere som dømmer opp til 11-årsklassen.

Situasjonen ser veldig bra ut for dommare som kan bli gode barnekampleiarar, og utfordinga framover vert nok å utvikle desse vidare slik at dei tek steget opp til å dømme 13- og 14-årsklassen.

### MOT

Stord Handball signerte i 2015 avtale med Stiftelsen MOT. Avtalen inneber at alle laga i Stord Handball skal ha minst ein lagleiar som er utdanna MOTivatør – og dermed vera kjend og skulert i MOT sine verdiar. Dette er ein viktig del for Stord Handball, som gjennom denne avtalen har eit rammeverk å gå vidare med for å fortsette å jobba for å gi Stord sine barn og unge eit så godt tilbod som mogleg på handballbanen. Klubben og MOT gjennomførte to kveldar med utdanning av lagleiarar, og kjem til å halde fram med desse skuleringane også i 2016.



### Vegen vidare

Handballgruppa skal befeste sin posisjon som Sunnhordlands-handballens ubestridte einar, og skal drive målretta arbeid i alle årsklassar frå 1. klassingar til seniornivå. Me skal ivareta dei yngste spelarane gjennom alle årsklassar og fostre desse heile vegen fram til seniornivå på både herre- og damesida. Den noverande trenden på tilstrømming av spelarar i dei yngste årsklassane, gjer og at me må tilby ressursar i aukande grad til spelarane – både i form av kompetente leiarar, tilpassa treningsstibod og gode fasilitetar. Ei utfording og eit hovudmål vil vere å behalde flest mogleg ungdommar lengst mogleg oppover i årsklassane og på den måten bidra positivt til miljøet blant barn og unge i lokalsamfunnet.

Klubben er godt i gang med å utarbeide strategien for åra framover, og kjem til å fortsette med dette arbeidet vidare. Klubben vil fortsette med å prioritere å auke ressursane til trenarar, samt bygging av klubb og kultur gjennom MOT-prosjekt og andre tiltak som styrkar det verdisettet og haldningane klubben legg for dagen.

Det sportslege planarbeidet er allereie godt i gong. Det har vorte oppretta eit sportsleg utval med Bjarte Epland, Jonas Sjölin, Ørnulf Botnen, Åsa Eldøy, Jonathan Gniste og Gaute Epland som har møtst om lag ein gong i månaden i første halvdel av sesongen. Målet er at utvalet i løpet av februar skal ha klart eit utkast til utviklingsplan som skal sendast til dei ulike laga som dermed får høve til å uttala seg og komma med forslag til endringar. Den endelege planen er venta klar til sommaren 2016.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1 - ÅRSMELDING FRÅ GRUPPENE



Styret i Stord Handball  
Stord, 25.02.2016,

---

Aksel Sæther

---

Aud M. Litlabø

---

Irene R. Loftheim

---

Marianne Størkson

---

Gaute S. Epland

---

Tonje Aa. Haga

---

Einar Balle



---

Monica Litlabø



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

\*\*\*\*\*

### ÅRSMELDING 2015

#### FRIIDRETTSGRUPPA SIL

\*\*\*\*\*

#### STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2015 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebo
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetlefjåt
Sektor anlegg og utstyr	Asle Skulstad
Sekretær	Elisabeth Kjærland
Styremedlem	Mats Tonning
Styremedlem-arrangement	Reidar Nesse
Styremedlem	Tjerand Espeland
Ungdomskontakt	Tuva Skulstad

Det har i 2015 vore halde 8 styremøte.

#### MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr. 31.12.2015 totalt: 101 medlemmer (2014=111) fordelt på:

	<u>&lt;12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>&gt; 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	25	7	6	38
Menn	17	10	36	63
SUM	42	17	42	101

Medlemstalet for friidrettsgruppa har ein ned att gåande tendens for 2015 og er no på 101 medlemmer, i 2014 var me 111 personar. Det er viktig å prøva og få born og ungdommar til å driva med friidrett lengre, og difor har me ei stor utfordring for å gjera friidrett meir attraktivt og kjent for denne aldersgruppa. Det er positivt at me framleis har god oppslutnad på treningane for dei yngre.

Fridrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 2 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2015. Når det gjeld startarar har me for tida ingen autoriserte startarar. Klubben treng å ta tak i dette og vil prøva å få i gang eit krinsdommar kurs denne våren slik at me kan arrangera stemna våre etter reglane. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod for dei ulike årsgruppene. I 2015 har fleire av ungdomsutøvarane teke del i treningane for dei yngste. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgang og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande. I tillegg er me avhengig av samarbeid med andre lokale klubbar som kan tilby hjelp i øvelsar som me ikkje er godt nok forspent på.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



### SEKTOR ØKONOMI

Året 2015 har gitt eit positivt resultat og det skuldast blant anna at gruppa har gjort god jobbing mot sponsorar og at Stordleikane gav god uttelling. Klubben har etter forholda ein god økonomi, noko som viser i balansen. Med den aktiviteten som det er i gruppa no, er det viktig at gruppa ser på nye forhold til å skaffe seg inntekter slik at me i framtida klarer å oppretthalda ei god satsing med ein sunn økonomi. På sikt er det eit stort potensiale på å hente inntekter i Tour de Stord og andre mosjonsarrangement. Driftsutgiftene for 2015 har vore på 610000,-..

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

### SEKTOR ARRANGEMENT

I 2015 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	30.01.2015
Parkløpet/KM terrenghøst	22.03.2015
Tour de Stord/Stord Rett Opp	30.04-03.05.2015
Fredsstafetten	06.05.2015
TINE-stafetten	12.05.2015
Bruløpet	10.06.2015
Stordleikane	14.-16.08.2015
Stordløpet	06.09.2015

I tillegg har me arrangert dei vanlege seriestemna og fleire hoppstemner innandørs.

Stordleikane vart arrangert i august med litt mindre deltaking i dei eldste årsklassane enn kva det har vore dei siste åra og det skyldast kollisjon med junior noregsmeisterskap.

Stordløpet gjekk av stabelen for 39.gong i år, og er eit tradisjonelt løp. Bru-og halvmaratonløpet har ein fin stigning i deltakarar og med den nye joggebølga som er i samfunnet i dag så er dette eit løp som har eit mykje større potensiale. Nytt av året var Tour de Stord som var ein samanlagt konkurranse med 3 løp, som gjekk over 4 dagar i månadsskiftet april/mai.

### SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjonar å sjå tilbake på i 2015. Klubben har for første gong vore representert på junior EM, Universiaden og veteran VM.  
I senior NM i Haugesund fekk klubben sølv ved Tom Erling Kårbo og bronse ved Harald Kårbo på 3000 m hinder. I halvmaraton NM i Oslo vann Lars Lunde juniorklassen

### Senior/Junior

I NM innandørs i Steinkjer 7.-8.2 2015 oppnådde Stord sin utøvarar følgjande resultat:

Lars Lunde (18)	1500m	Nr. 8 4,00,85
	3000m	Nr 5 8,33,52



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

I senior-NM i Haugesund 31.7-2.8 2015 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Tom Erling Kårbo (26)	3000 m hinder	Nr. 2	9,03,25
Harald Kårbo (23)	3000 m hinder	Nr. 3	9,16,93
Thomas M. Heggøy (21)	800m	Nr. 5h	1,55,84
Lars Lunde (18)	1500m	Nr. 10h	4,12,63

I Junior-NM i Byrkjelo 14.-16.8 2015 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plassering:

Lars Lunde (18)	3000 m hinder	Nr 5	9,51,29
Mari Aarskog Nesse	1500m	Nr. 7h	5,04,75
	3000m hinder	Nr. 3	12,12,88

I NM halvmaraton i Oslo 19.9 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar

Lars Lunde (18)	½-maraton	Nr. 1	1,11,54
Jacob Hystad (25)	½-maraton	Nr. 16	1,12,58

I NM terrengløp, lange løyper, i Oslo 17.10.2015 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

MS	10 km	9.	Tom Erling Kårbo
MJ	6 km	6.	Lars Lunde
G-15	4 km	9.	Ole Christian Kvellestad

Følgjande vann krinsmeisterskap utandørs 2015

Thomas M.Heggøy (21)	400m
----------------------	------

Tom Erling Kårbo og Harald Kårbo representerte Noreg i Universiaden i Gwangju i Sør-Korea 12.-17.7 2015 på 3000m hinder. Tom Erling sprang inn til 10.plass i finalen og fekk tida 8,47,81, medan Harald sprang inn til 16.plass og fekk tida 9,04,49.

Lars Lunde representerte Noreg på junior EM i friidrett i Eskilstuna i Sverige 15.-19.7 2015 og han sprang 5000m der tida vart 15,10,19 og det gav 17.plass.

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nummer 58 i 3.divisjon med poengsummen 8226 (20 res) (2014= 10498poeng (20 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 11 i 1.divisjon, med poengsummen 20153 (30 res) (2014=21718 poeng(25 res)) og rykker dermed ned til 2.divisjon for 2016.

### Veteraner:

I veteran VM i Lyon 9.-10.8.2015

Oddvar Hårde (69) MV 45-49	10-kamp	Nr. 12	5436 poeng
Per Gregersen (70) Mv 45-49	10-kamp	Nr. 23	4846 poeng

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA



Følgjande vann krinsmeisterskap utandørs 2015

Asle Skulstad (72) MV 40-44      3 km terregløp

I krinsserien vart herrelaget nr 2. i 2 divisjon med 8382 poeng på 15 resultat.

### Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM på Lillestrøm 11.-13.9 2015 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Lars Lunde (17)	3000m	Nr. 8	8,55,89
Ole Christer Kvellestad (15)	1500m hinder	Nr. 9	5,06,98
	2000m	Nr. 21	6,26,40
Mari Aarskog Nesse (19)	2000m hinder	Nr. 3	7,24,51
	3000m	Nr. 7	10,29,42
	800m	Nr. 8h	2,32,02
Tone Sandtorg Brakedal (16)	100m	Nr. 7sf	13,09
	80m hekk	Nr. 5h	12,92

Følgjande klarte å vinna krinsmeisterskap:

Ida Holm Neset (12)	600m innandørs
Jon Simon Dale Lekven (11)	600m terregløp
Julian Skimmeland Aasheim (12)	600m terregløp
Mathilde Almås (12)	600m terregløp
Mari Aarskog Nesse (19)	1500m terregløp

### Krinsserien

Jentene sitt 1.lag kom på 3.plass i 1.divisjonen med poengsummen 32555 poeng på 40 resultat (2014= 32249 (40 res)) og held dermed plassen i 1.divisjon.

Gutane sitt 1.lag kom på 7.plass i elitedivisjonen med poengsummen 49024 på 60 resultat (2014= 52365 poeng).

### Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år	Marthe Johanne T. Mehus, Tuva Skulstad, Nils Hetlefåt.
Gutar/jenter (12-15 år)	Ulf Bloch, Nils Hetlefåt
Gutar/jenter (> 16 år)	Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetlefåt

### Utmerkingar

På "premiefesten" vart følgjande utmerkingar utdelt:

"Beste gut"	Lars Lunde
"Beste jente"	Mari Aarskog Nesse
"Mest allsidige jente"	Ida Holm Neset

Gullmerket ( over 1000 poeng) vart utdelt til følgjande for sine resultat: Julian Skimmeland Aasheim (12) for 10,19 m i tresteg, Lars Lunde (18) for 14,40,72 på 5000m.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

### Lagsrekordar

Tone Sandtorv Brakedal	100m	13,10
	100m	13,09

### SAMANDRAG:

Vi er glade for å ha fått på plass ein ny driftsavtale med Stord kommune i løpet av 2015. I den ligg det større fridom til å nytte seg av anlegga på Vikahaugane både inne og ute. Dette vil klart føre til større aktivitet året rundt. Vi er klar til å ta vårt ansvar. Motivasjonen blir at våre unge utøvarar kan trenere gratis inne.

Gjennom eit brukarutval skal vi ha ein tett dialog internt i idrettslaget og opp mot kommunen. Kommunen må i framtida ta på seg dei store og viktige vedlikehaldsoppgåvene. Vi kan trø til med årlege dugnader på anlegga både i hallen og ute, og ikkje minst skape aktivitet.

Friidrett er ein heilårsidrett med mange stemner og aktivitetar. Frå hallstemne i januar til lokale stemner i starten av oktober. Våre utøvarar er på stemne og treningsleirar både i inn og utland.

Det trengs å tenkjest nytt for å kunne lage nye attraktive og konkurransedyktige stemner. I mai 2015 såg Tour De Stord dagens lys. Tre løp på fire dagar. Frå sprint på Heiane, til gateløp i Leirvik, til monsterbakkane Stord rett opp til Kattnakken som avslutningsetappe. Med det opplegget fekk vi kåra den komplette utøvaren i både kvinne og herreklassen. I år skal vi finpusse opplegget og kome på banen med eit enda betre og meir kompakt opplegg. Vi går breiare ut og prøver å få med alle våre lokale og spreke mosjonistar/bedrifstløparar. Det er inn i tida med å bryter grenser og ta utfordringar. "Mesternes mester" lokalt.

Stord friidrett har både topp og bredde som målsetting. Tom Erling Kårbo har saman med broren Harald blitt våre nasjonale hinderkongar. Gjennom NM-løp i Haugesund i august sette dei Stord på kartet nok ein gang. Dei er viktige ambassadørar og positive forbilde for klubben vår.

Lars Lunde fekk og sin internasjonale meisterskapsdebut under JR-EM i Eskilstuna i juli 2015. Lars er blant dei beste i sin årsklasse nasjonalt. Han legg ned eit stort treningsarbeid og liker å konkurrera. Vi håper at fleire tar opp arven etter Tom Erling, Harald og Lars.

Friidrettsgruppa har gjennom mange år satsa på Ung Leiar. Gjennom denne utdanninga har fire av våre utøvarar gått i ein god skule. No reiser dei frå øya for utdanne seg vidare. Vi er inne i eit generasjonsskifte og må dyrke ungdomskulturen vår på nytt. Vi må motivere nye til å følgje i spora til Tuva, Marthe Johanne, Thomas og Sondre.

Klubben må og være flinke til å marknadsføre friidrett som ein positiv aktivitet i lokalsamfunnet. Gjennom Tinestafetten, Sentrumsløpet, Freds-stafetten og ikkje minst Stordleikene har vi eit glimrande utstillingsvindauga til å rekruttere nye inn i friidrettsfamilien.

Stord Friidrett vil i framtida ta eit samfunnsansvar. Vi har og vil engasjere oss for å ta vare på friluftsområda og løypene inne i Landåsen. Dette er unike områder som både unge og eldre har stor glede av. Gjennom idrettslaget vil vi passe på at Stord i framtida har ein "oase" til å dyrke både friluftsliv og fysisk fostring. Vi i friidrettsgruppa vil gjennom arven etter Øivinn Berger sikre at vi arrangerer nye Stordløp inne i Landåsen i kjent stil sidan starten 1978.

Eg vil nytte høve til å takke både styret og alle våre støttespelarar som stiller opp. Ikkje minst trenarane våre som gjer ein stor jobb gjennom heile året. Vil og sende takk til lojale samarbeidspartnarar som stiller opp sjølv i litt tronge tider for næringslivet. Vi håper gjennom vår aktivitet at vi kan gje litt att.

Runar Øvrebø  
Styreiar, Stord Friidrett

# ÅRSMELDING 2015

## STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA



### TYRET 2015

Leiar: Kjartan Grov

Nestleiar: Aslaug Grov Almås

Kasserar: Merete Taraldsøy

Skrivar: Guro Lund

Medlem: Bjørn Tømmervik, Tora Haslum Myklebust og Anne Sissel Mugaas.

Ungdomsrepresentant: Nina Aalvik (frå hausten 2015)

Vara: Sigfred Framnes

Styret har hatt 9 styremøte i 2015 sidan førre årsmøte.

### INNLEIING

Turngruppa har hatt stor aktivitet i 2015 og har som tidlegare år hatt eit turntilbod for gymnastar mellom 3 og 100 år. Ifølge medlemsoversikten er det ein nedgang i medlemstalet samanlikna med året før. Dette er ikkje noko dramatisk, då det naturleg svingar frå år til år. Framleis er det aldersgruppa 6-12 år som er størst i turngruppa, både blant gutter og jenter. Desse treningstilboda er populære og det har vore ventelister på fleire av partia.

Me er stolte av å kunna tilby eit turntilbod for nesten alle aldrar. Hos oss kan ein starta på Foreldre og barn når ein fyller 3 år, med treningstider på tre av barneskulanane på øya. Når ungane byrjar på skulen kan dei meldt seg på turnleik for gutter eller jenter i turnhallen på Vikahaugane. Deretter kan dei halda fram med grunnleggjande turn, med innslag av tumbling og trampett heilt til dei går ut av 10. klasse. Målet er at det skal vera ein progresjon i tilboda frå 1.-10.klasse. For dei som er over 16 år og ynskjer å trenna kondisjon og styrke, har me tilbod om aerobic, step, zumba og herretrim.

Med så mange treningstilbod krever det også mange instruktørar. Heldigvis har me framleis med oss mange av dei erfarte trenarane, deriblant to som i 2015 kunne skilta med 70 år som medlemmer av Stord turn. I tillegg har me hatt ei god rekruttering blant yngre instruktørar og saman utgjer dei ei stabil og god trenargruppe.

**Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.**



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

**Medlemsoversikt Turngruppa**

Jenter/gutar:	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003
Jenter 0 - 5	24	32	56	55	38	41	47						
Jenter 6-12	93	82	80	103	76	90	94	99	95	75	42	93	51
Jenter 13-19	9	17	19	31	8	28	12	15	7	14	10	5	47
Jenter 20-25				1	2	21	-	45	47	10	15	16	17
Jenter 26+	69	53	75	81	65	21	37			63	21	72	70
Gutar 0 - 5	26	32	57	45	38	43	47	79		2			
Gutar 6-12	71	93	89	50	79	54	56		51	50	57	64	52
Gutar 13-19	16	16	24	19	22	13	4	22	6	19	15	8	8
Gutar 20-25	2				1		-	45	51	0	0	1	2
Gutar 26+	49	60	59	58	65	68	56			58	60	75	65
Total	359	385	459	443	394	395	394	305	257	291	220	334	312

### TRENARSITUASJON

Det er heile tida ei utfordring å få gode instruktørar med den rette kompetansen innan turn. Me har dei siste åra hatt god rekruttering av instruktørar blant dei eldste ungdomane i turngruppa og saman med dei erfarte instruktørane som har vore med i «ein mannsalder» har me fått ei fin breidde i trenargruppa. Me har det siste året hatt fleire treningsøkter for instruktørane der dei unge kan læra av dei eldre og dermed har me fått til ei godt samarbeid innad i turngruppa. Me har mange erfarte instruktørar som sit på mykje kompetanse som dei unge instruktørane kan nyta godt av. Denne erfaringsdelinga vil me prøva å leggja til rette for også i tida framover.

Me er heldige og svært takksame for at me har mange trenarar som framleis står på for at barn og unge skal få oppleva gleda ved turn. Mange av dei har vore med i fleire tiår og er med på å skapa stabilitet i turngruppa. Desse trenarane er, saman med nye yngre instruktørar, årsaka til at tilboda våre er så populære.

Det er også gledeleg at det kvar haust kjem foreldre på gruppene for Foreldre og barn som er villige til å vera instruktørar for sine eigne og andre sine barn. Utan desse hadde tilbodet for dei yngste vore vanskeleg å oppretthalde.

Ein av dei som har stått på for turngruppa i svært mange år, er Paul Skjønberg. Den 23. januar 2016 vart han tildelt eldsjelprisen for 2015. Turnstyret gratulerer med ein velfortent pris.

### AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:

- Kjartan B. Grov deltok på Samarbeidsmøte til Hordaland Gymnastikk og Turnkrets i Bergen februar .
- Seriekonkurranse vart arrangert på Stord 15. februar.
- Turngruppa hadde ansvar for 17.mai- arrangementet på Leirvik.
- To instruktørmøte i løpet av 2015.
- Juleoppvisninga vart arrangert 6. desember i Sportssenteret.
- Romjulssamling varta arrangert 27.-30. desember.

### HEIDERSTEIKN

Det vart ikkje delt ut heidersteikn til nokre i turngruppa i 2015.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### TRENINGSTILBODA I 2015

- **Foreldre og barn, Leirvik:** 2 parti, eitt for 3-4 åringer og eitt for 5 åringer, har vore i sving i gymnastikksalen på Leirvik skule. Trenar: Kjartan B. Grov.
- **Foreldre og barn, Langeland:** eitt parti for 3-4 åringer har hatt treningane sine i gymnastikksalen på Langeland skule. 5-åringane var så få at dei har gått saman med 5-åringane på Leirvik skule. Trenarar på Langeland: Henriette Thorsen og Linda Västerlund.
- **Foreldre og barn, Hystad:** 2 parti, eitt for 3-4 åringer og eitt for 5 åringer, har hatt treningane sine i gymnastikksalen på Hystad skule. Trenarar: Malin Aas Lindahl og Magnar Larsen
- **Turnleik jenter 1. klasse:** Her er det mellom 15 og 20 jenter som øver inn basisøvingar som forlengs og baklengs rulle. Treningane er prega av leik og innehold også litt dans. Trenarar: Aslaug Grov Almås og Audhild Hatlevik.
- **Turnleik jenter 2. klasse:** På desse treningane har hovudfokuset vore å læra grunnøvingar som rulle og hinkesats. Trenarar: Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fiveland Løkhammer, Simona Gundersen og Lars Mugaas Hegland.
- **Turnleik/ tumbling jenter 3.-4. klasse:** Denne gruppa har bygd vidare på det gymnastane lærer i turnleik jenter 2. klasse. Trenarar: Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fiveland Løkhammer, Simona Gundersen og Lars Mugaas Hegland.
- **Turnleik gutar 1.-2. klasse:** Mål for treningane har vore styrke i arm-, rygg- og magemuskulatur med hovudvekt på ulik koordinasjonstrening ved bruk av ulike apparat. Dette året har dei systematisert meir styrketrening i starten av treninga, og det er tydeleg at gutane er blitt sterkare i nemnde muskelgrupper, og at dette gjer seg utslag i at dei lærer ulike øvingar raskare. Det er ikkje alltid like lett å få tanken til å styra dei ulike kroppsdelane, men det er merkbar framgang frå 1. til 2. året. Instruktørar: Kristian Lunden, Lars Mugaas Hegland, Andreas Taraldsøy Rafdal/Iver Løkhammer, Lars Eik Breirem og Lars Mugaas (hovudansvarleg)
- **Grunnkurs turn gutar 3.-4. klasse:** Dette er eit parti som vidarefører det dei lærer på turnleik 1.-2. klasse. Som jentene i denne aldersgruppa trenar dei på rulle og hinkesats. Trenarar: Iver Fiveland Løkhammer, Lars Mugaas Hegland, Frida Våge og John Olav Michelsen.
- **Matte/ tumbling 5.-7. klasse:** Denne gruppa vart delt i to i 2014 fordi pågangen var så stor. Her trenar gutar og jenter i lag og fokuset på treningane har vore grunnøvingar innan turn. Målet har vore at gymnastane skal få den treninga som er tilpassa kvar einskild. Derfor har det blitt instruert element med ulike vanskegrader, utifrå kva gymnastane meistrar. I tillegg har dei jobba ein del med fiksering for å få fine og stramme bevegelsar, noko som også skal førebyggja skadar. Trenarar: Nina Aalvik, Frida Vaage, Iver Fiveland Løkhammer og Lars Mugaas Hegland.
- **Trampett 8.-10. klasse:** Trampett er voltar i lufta ved hjelp av ein trampett/trampoline. Denne gruppa har drive me innøving av enkle basisøvingar og bygd opp til vanskelegare øvingar alt etter nivået til gymnasten. Dette har vore eit lavterskelttilbod der alle, uavhengig av nivå, har fått vore med. Trenar i 2015 har vore Iris Gudmundsdottir.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

- **Konkurransetropp i tumbling/ trampett:** Det har over dei siste åra skilt seg ut ei gruppe som har blitt veldig gode, og me ynskte å starta eit konkurranselag som kunne prøva seg litt på kretsplan Denne gruppa har vore på diverse treningsamlingar i Bergen i regi av kretsen. I tillegg var dei med på sin første konkurranse på Sotra i juni, under Gymfest i vest 2015. Av 18 lag kom dei her på ein flott 4.plass. Hausten 2015 var laget med på sin første kretskonkurranse i juniorklassen i regi av Laksevåg turn, der dei vann både i tumbling og trampett. Trenarar: Magnus Mugaas Hegland, Anne Sissel Mugaas, Lars Eik Breireim og Sebastian Gundersen.
- **Aerobic og step:** Også i år har me hatt ei stabil gruppe i sving, med om lag 70 damer frå 16 år og oppover. Desse har hatt treningstider to gonger i veka og har fokus på kondisjon og styrke. Trenarar: Aslaug Grov Almås, Eva Grov og Anne Sissel Mugaas.
- **Zumba/ Salsa:** Trening med latinske rytmar for damer og menn i alle aldrar. Hausten 2015 var treninga flytta frå Vikahaugane til Leirvik skule. Ein time i veka har det blitt trena kjernemuskulatur til sprelske rytmar. Det har blitt brukt yoga i styrkedelen og uttøyingsdelen, samt magedans for å roa ned etter ei hard treningsøkt. Trenar: Live Gravdal.
- **Stemnedamene** har også i år trena kvar måndag i turnhallen. Dei har ikkje faste trenarar, men har hatt ei rulleringsordning blant nokre av damene som deltek.
- **Herrer mosjon** er delt i to grupper. Dei trenar fast to gongar i veka på Vikahaugane og på Hystad skule. Dei to partia har ca. 60 deltakarar til saman. Mål for treningane har vore generell trening i styrke og uttøyning for å vedlikehalde styrke og gode utslag i dei ulike ledd. I tillegg har dei trena lett kondisjon gjennom ulike ballspel. Nye deltakarar har kome til og funne seg raskt til rette i eit triveleg og lystig miljø. Trenar på Vikahaugane: Kristian Lunde. Trenar på Hystad skule: Lars Mugaas.
- **Konkurranseturn** (sjå under)

### KONKURRANSETURN

Konkurransegruppa i 2015 har bestått av :

Fornavn	Etternavn	Alder	Klasse
Lars	Eik Breireim	15.07.1997	KI 3
Tobias	Mortensen	09.05.2003	Rekrutt
Vetle	Hystad Ådland	31.12.2003	Rekrutt
Samson	Økland	07.03.2004	Aspirant
Tørres	Koløen Birkeland	13.05.2004	Aspirant
Simon Lukas	Hammer Haga	02.06.2004	Aspirant
Heine	Moe Larsen	03.01.2006	Aspirant
Karl	Grov	28.03.2005	Aspirant
Lukas	S. Skjønberg	03.03.2005	Aspirant
Haldor	Valø	16.12.2004	Aspirant
Noah	Hovland	17.08.2008	Aspirant
Jonas	Angel Langli	15.01.2006	Aspirant
Christopher	Skorpen Dahl	25.03.2006	Aspirant
Jonas	Olsen Viste	18.05.2006	Aspirant
Samuel	Remen Evensen	15.05.2006	Aspirant

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



### Lars Eik Breireim

Lars Eik Breireim, som er eldstemann blant konkurranseturnarane, har dette året auka øvelsesutvalget og prestert på eit høgt nivå.

Blant resultata hans i 2015, ynskjer me å fremheva følgjande:

Vinnar av alle Norges Cup-konkurransane som vart avvikla i

- Sandnes i mars
- Asker i mai
- Oslo i oktober

I tillegg vann også Lars Norgesfinalen som vart avvikla i Bergen 14-15.november.



Lars deltok også i senior FIG- konkurransen i Stavanger og NM Senior som vart arrangert i Elverum.

I desse konkurransane turna Lars opp mot sitt beste:

- Finale i svingstang og ringar i FIG
- Nr 10 av 16 totalt i NM
- Finale i svingstang i NM

### Tobias Mortensen

I 2015 sesongen hadde Tobias desse resultata:

- Vann alle seriekonkurransane
- Vann vandrepokal i BHTK
- Vann Kretsmeisterskapet i mangekamp
- Vann alle apparata i Kretsmeisterskapet i enkeltapparat
- Vestlandsmesterskap ikkje deltatt grunna skade
- 4. plass på første NC
- 3. plass på andre NC
- Tredje NC ikkje deltatt grunna skade



Tobias vart tatt opp i Guttegruppen til NGTF første gang i 2014. Då var han den yngste av alle som vart tatt opp.

Gjennom ei heil helg i Oslo med testar på både styrke, mjukhet og apparatøvelsar, får ein poeng. Utifra poenga blir ein tatt ut av landslagssjefen til å vera med på Guttegruppa.

14 stykker i Norge får denne muligheten. Guttegruppen er ei rekrutteringsgruppe for dei som kan koma inn på Landslaget frå 14 år og oppover. Å vera med i Guttegruppa betyr at han får vera med på landslagssamlingar både i inn- og utland. Det er kjempegøy og sosialt. Han har blitt kjent med mange kjekke turnarar frå heile landet som han held kontakt med også utanom samlingane.

Sommaren 2015 var han ei veke på treningsleir på Jessheim saman med Senior landslaget. Heile landslagsapparatet var der med både landslagssjef Gabriel Negru, fysioterapeutar og støtteapparat.

Pappa Jarle var med som overnattingssjef, fritidsorganisator og sosialmedarbeider. I 2014 var dei i Riga på treningssamling i ei veke. Svært mange kjekke turar som han lærer mykje av.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Frå og med 01.01.2016 er han Klasse1 Turner. Då blir alle øvelsane i alle apparat sjølvvalde. Det er veldig mange og strenge reglar for korleis ein skal gjera dette. Derfor brukar dei mykje tid akkurat nå til å førebu øvelsar i alle apparat slik at dei kan dekkja så mange krav som muleg, og dermed få så høg karakter som muleg. Målet er å kunne turna FIG konkurransar (internasjonalt reglement).

Leiarane for konkurransegutane har vore:

- Paul Skjønberg
- Henning Nielsen
- Jarle Mortensen
- Jan Roar Hovland
- Andreas Aas (Delvis)

Stord IL har hatt deltakarar på desse konkurransane / Aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Treningsamling Aspiranter	Bergen	24-25.01
Seriekonuranse Nr 1	Stord	15.02
Norges Cup	Sandnes	07-08.03
FIG Nr 1	Sandnes	14-15.03
Unni og Haralds Pokalkonuranse	Oslo	20-22.03
Seriekonuranse Nr 2	Bergen	19.04
Norges Cup Nr 2 + Rekrutt	Asker	30-31.05
Regionssamling	Sandnes	06-07.06
Sommerleir	Bergen	29.06-03.07
KM Enkle Apparater	Laksevåg	12-13.10
Treningsamling	Bergen	22-23.08
FIG Nr 2	Stavanger	26-27.09
NM	Elverum	10-11.10
Nasjonal Rekrutt konuranse	Stavanger	29.06-03.07
Seriekonuranse Nr 3	Fana	21.11
Norges Cup Nr 3	Holmen Turn	24-25.10
Vestlandsmesterskap	Sotra	31.10-01.11
Norges og Norgescup Finalen	Bergen	14-15.11
Romjulssamling	Stord	27-30.12
Konurransetropp tumbling/trampett	Stad	Dato
Gymfest i vest	Sotra	12.-14.juni 2015
Kretskonuranse i troppsgymnastikk Juniorklassen	Laksevåg	23.9 2015

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



**Konkurransetropp i Tumbling/ trampett på Gymfest i Vest 2015, Sotra**

### UTDANNING/KURS

Nokre av instruktørane deltok på helgesamling som kretsen arrangerte her på Stord der ein kunne delta på ulike tema / områder i løpet av ei helg i august.

### ØKONOMI

Økonomien i gruppa vår er styrka i 2015. Dette til tross for investeringar i utstyr også i dette året. Me har fått tilskot frå Gjensidigestiftelsen i år som vart nytta til innkjøp av utstyr til turnhallen. Vidare har me arrangert 17. mai for Stord, noko som gav eit fint overskot. Dette året har me kome ajour med utsending av treningsavgift - dette er også med å heva overskotet. Me har også fått god utteljing på momsrefusjon og LA midlar.

I andre enden har me brukt ein del på løn og trenarutvikling. Me har mange unge trenrarar som me er avhengige av for at treningane våre skal avviklast på forsvarleg vis og på eit nivå som ungane likar - og det føler me at har gått veldig bra. Me har likevel valt å gjera nokre grep for å prøva å redusera trenarlønningane slik at ikkje dette vert høgare enn me har kontroll over.

### MAGNE MUGAAS FOND

Fondstyre 2015: Kjartan B. Grov, Lars Mugaas og Erik Skar. Magne Mugaas Fond gjorde vedtak i dette året på å betala ut eit stipend til trenrarar/utøvarar. Desse fekk kvar sitt stipend på kr. 5000,-:

- Frida Våge
- Nina Aalvik
- Magnus Mugaas Hegland
- Lars Eik Breirem
- Tobias Mortensen





# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

### TILLITSVERV I KRETS OG FORBUND

Erik Skar har hatt eit verv i Ærestegnskomiteen i HGTK.

### VALKOMITE

Valkomiteen har bestått av Kjartan B. Grov.

Stord, 03.02.2016  
Stord IL, turngruppa  
Kjartan B. Grov  
Leiar

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



### Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2015

#### Sportsleg aktivitet.

##### - Eigne arrangement:

**Barneskirenn.** Det vart gjennomført eitt barneskirenn i sesongen 2015 (mars).

**Rankingrenn.** Det vart gjennomført eitt rankingrenn i sesongen 2015 (mars).

**Rulleskirenn.** Det er gjennomført fem treningsrenn sesongen 2015, alle i Prestagardsskogen. Eitt av renna var med skibyte (klassisk/fristil). Treningsrenna har vore gjennomført i regi av barne- og ungdomsgruppa, men også med deltaking frå dei mest aktive seniorane.

I mai vart "Stord opp" gjennomført for andre gong, med målgang ved demninga i Vaulane. 15 lokale deltagarar stilte til start under fine forhold.

I samband med kretssamling i regi av skigruppa, vart det arrangert kretsrenn på rulleski i klassisk stil i Prestagardsskogen siste helg i august. Dette var andre gong det vart gjennomført eit slikt arrangement i regi av Stordski. Denne gong var start og målgang flytta til området ved fleir brukshallen. Tilbakemeldingane frå deltagarane og klubbane var svært gode, og totalt deltok i overkant av 50 personar i kretsrennet, der fleire av klassesigrane gjekk til Stord-løparar.

**Tysdagstrimmen:** Årets TYSDAGSTRIM starta opp tysdag 6. oktober, med nærmere 40 deltagarar i flott haustferievêr. I jubileumssesongen – 30 år i 2016 - har frå 30 til 45 trimmarar stilt på startstreken.

Per Steinar Lunde og Audvald Kvamme var også i år trufaste med lister og klokker. Auto Industri stillte med stor og lysande digitalklokke på Vabakkjen tysdagar kl 19.00.

Finalerunden gjekk tysdag 8. desember. Ekstra lysing og omtale i Sunnhordland, og e-post til heile Stordski sitt nedslagsfelt hadde lokka 45 trimmarar til Vabakkjen, trass i regnver og blest.

Før start var det helsing og blomar frå hovudlaget. Atle Bjørn Mæhle fortalte historia om korleis TYSDAGSTRIMMEN vart til. Han supplerte flott med mange interessante tal frå statistikken gjennom dei 30 åra frå 1986 til i 2015. Presis kl. 19.00 vart det fyrт av ein jubileumsrakett, med 25 skot. Det fungerte som nedteljing til start for trimmegjengen denne jubileumskvelden. Seks faklar lynte opp ved start.

#### **Trenigssamling og kretsrenn rulleski 28. - 30. august**

50 ungdommar møtte til trenigssamling på Stord helga 28. - 30. august. Her var det utøvarar frå Bergen, Osterøy, Nordhordaland, Eksingedalen, Voss, Kvam, Stord og Kvinnherad samla til trening, sosialt og konkurranse.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

---

Første treningsøkt vart gjennomført fredag mellom 1830 og 2000. Utøvarane fødd i 2002 s. 2 og 2003 fekk bryna seg på sirkeltrening i Nordbygdochallen; heile 12 postar med særskilt fokus på generell styrke og balanse. Dei eldste (2000-2001) fekk kunnig vegleiring av Tore Hammer og Sigurd Sandvold til gjennomføring av styrketrening med frie vekter. Fokus her var innlæring av korrekt teknikk og utføring av øvingar med særskilt relevans for skiløparar. Fredagen vart avslutta med Taco til stor glede for alle.

Etter frukost laurdag morgen, var det tid for første økt med rulleski på beina. Økta vart gjennomført i rulleskianleget i Prestegardsskogen i stilarten friteknikk. I to timer vart det gjennomført hurtighetstrening, teknikk og hinderløype med ski på beina.

Kl. 1230 laurdag var det tid for dagens andre økt. Denne gongen på beina med joggesko på. Det vart gjennomført elghufs i bakke, og både intensitet og innsats var høg. Siste økt laurdag gjekk i klassisk stil med fokus på diagonalteknikk og staking. Laurdag kveld var alle utøvarar, trenarar og øvrig støtteapparat samla for sosialt samvære og pizza.

Sundag morgen var det tid for siste økt før avslutning med rulleskirenn i klassisk stil kl. 1300. Det vart utvist svært god innsats under rulleskirennet, og Stord Ski markerte seg med gode prestasjonar og fleire klassesigrar. Oppsummert var det ei svært vellukka helg med skiaktivitet på tvers av klubbane i Hordaland.

### -Treningar:

**Barne- og ungdomsgruppa** har hatt faste treningar kvar tysdag og torsdag, med Prestegardsskogen som base. I tillegg er det gjennomført styrketrening kvar måndag for dei eldste utøvarane i barne- og ungdomsgruppa (eldre enn 13 år). Treninga inn mot sesongen 2015/2016 tok til etter 17. mai slik som året før. Gjennom hausten er det gjennomført basistrening (løping med og utan stavar og generell styrke) og rulleskitrening (klassisk og fristil). Treningane er lagt opp etter aldersnivå og under leiing av Stian Engevik. I tillegg inngår Øyvind Gaute Berg, Kjell-Inge Engevik og Sigurd Sandvold i trenarteamet.

Det er ikkje organiserte treningar for seniorar og veteranar i regi av skigruppa, men fleire av veteranane avtalar fellestreningsar seg i mellom.

### - Deltaking på arrangement utanfor Stord:

Til liks med tidlegare år har det vore god Stord-oppslutnad på arrangement i Hordaland, elles i Noreg og noko i utlandet. Dei fleste av Hordaland skikrets sine krinsrenn føregår i Herresåsen og elles i Voss- og Hardangertraktene. Ungdomsgjengen var hyppig representerte, og gjorde det godt i mange av renna, mellom anna vart det 5 medaljar til Stord under kretsmeisterskapen helga 24. og 25. januar. Laurdag 24. januar var det klassisk i Røldal. Under krevjande smørjeforhold vart det tre medaljar til Stord. Håkon S. Berg vann klasse G11, Simen Engevik tok ein sterk andre plass i G13 og Arne Jordåen kvitterte også med ei pallplassering i G15 (tredje plass).

Sundag 25. januar var det fristil på programmet. Denne gong flyttta dei beste skiløparane i Hordaland seg til Korlevoll. Også her gjorde stordingane det bra og det vart to nye medaljar til Stord. Håkon S. Berg vart nr. 3 i klasse G11 og Simen Engevik vart nr. 2 i klasse G13.

Stord har elles delteke i dei fleste terminfesta turrenna i kretsen (Hordaland og Rogaland). Her kan nemnast Herresåsen rundt, Slettedalen rundt, Haukelirennnet m. fl.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA



Det har også vore deltaking i Birkebeinerrennet, Helterennet og Vasaloppet blant s. 3 veteranane. Som tidlegare år var det mange merketakarar i Birken og fleire medaljar (svensk merke) i Vasaloppet.

### Andre saker

#### -Anlegg og dugnad

**Prestagardsskogen:** Det er gjennomført jamlege dugnader der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Barne- og ungdomsutøvarane har også delteke på desse dugnadane. Stian Engevik har kosta løypa etter behov ved bruk av maskin. Engevik Byggsenter AS har sponsa med arbeidstimar, utstyr og diesel. Det er sett opp forbodsskilt mot hest i samarbeid med Stord kommune. Barne- og ungdomsgruppa har sytt for montering og plassering av skilta. Det er i tillegg montert og sett opp store og informative oversiktsskilt.

**Lyløypa og Heio:** Lyløypa ved Fjellstova fekk den årlege slåtten og oppryddinga i løpet av to laurdagar seinhaustes. Etter stormen i januar 2015 utførte skigruppa ein ekstra dugnad med fjerning av greiner og mindre rotvelter. Entreprenør/SKL fjerna større tre som hang fast i lyslina. Traséen på Øvra Heio fekk ei ekstra planering og grøfting hausten 2015, i tillegg til ei lettare opprydding av steinar, buskar m.m.

#### -Ymse

#### Heimesida: [stordski.no](http://stordski.no) Facebook og Skinnytt

**stordski.no:** Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren. Sida har fleire faste superbrukarar, som legg inn løpende oppdateringar etter behov.

Skigruppa har oppretta ei lukka facebook-gruppe for barne- og ungdomsgruppa. Her vert all praktisk info rundt treningar, konkuransar m.m. lagt ut. I tillegg vart det 31.12.14 oppretta ei open facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til [www.stordski.no](http://www.stordski.no) og nådde eit breitt publikum på kort tid.

**Skinytt** Skigruppa gav i 2015 ut 12 utgåver av Skinytt, same tal som i 2014, som var første året med dette kortfatta informasjonsskrivet til medlemmer og andre personar med interesse for skiidretten vår.

**Mål- og aktivitetsplan:** Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning. Sentralt, nytt punkt siste året var prosjektet **Betre tilkomst til Heio**. Det dreier seg om å få betre og sikrare bilveg frå Skihytta til Nedre Heio, parallelt med nye løypetraséar mot og på Heio.

**Medlemmer:** Skigruppa har i 2015 fått innbetalingar frå i alt 63 personar, som er nokre få færre enn 2014.

**Økonomi:** Økonomien til skigruppa er god, etter aktive økonomiprosjekt og god pengestyring dei siste åra. Omsetnaden i 2015 var omlag kr 548.000 med eit overskot på vel 326.000. Gjeld på kr 300.000 til hovudlaget vart sletta, etter at hovudlaget av kommunen



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

fekk ettergitt lån i kraftsalsfondet, opptatt i samband med finansiering av ny løypemaskins. 4 i 2012. Viser elles til rekneskapen.

**Gruppeleiing:** Etter valet på årsmøtet 2. mars 2015 var styret samansett slik:

**Leiar:** Odd Stuve Rommetveit valt i 2015 for 1 år.  
**Sekretær:** Øyvind Gaute Berg valt i 2014 for 2 år  
**Kasserar:** Odd Stuve Rommetveit, valt i 2014 for 2 år  
**Styremedlemmer:** Bernt Øyvind Vad, Sigurd Sandvold, Kjell-Inge Engevik valt i 2015 for 2 år  
Erling Tyse , Solbjørg Birkeland Olsen valt i 2014 for 2 år  
**Varamedlem:** Lars Åge Førland ara valt i 2014 for 2 år

**Trenarar og oppmenn:** Stian Engevik (hovudtrenar), Sigurd Sandvold, Øyvind Gaute Berg og Kjell-Inge Engevik.

**Kretsstyre:** Stian Engevik var i 2015 med i styret for Hordaland skikrets.

**Takk** Styret i skigruppa takkar alle som gjorde ein innsats for skiidretten på Stord i 2015.

Stord, 22. februar 2016

Odd S. Rommetveit

Leiar og kasserar

Kjell-Inge Engevik  
styremedlem

Bernt Øyvind Vad

styremedlem

Solbjørg B. Olsen  
styremedlem

Øyvind G. Berg

styremedlem

Sigurd Sandvold  
styremedlem

Erling Tyse

styremedlem

Lars Åge Førland  
varamedlem

SIL ÅRSRAPPORT 2015  
SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

---



## STORD IL SKEISER

### ÅRSMELDING 2015



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

---

### ***Styret 2015***

Leiar	Henning Nordfond
Nestleiar	Bjørn Dalen
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Terje Almås
Styremedlem	Svein Gunnar Notland

### ***Andre funksjonar:***

Ispreparering: Jan Henriksen og Henning Nordfond

Kjoskstyrar: Frank Einar Pedersen

Stemneansvarlig: Bjørn Dalen

Trenarar : Henning Nordfond(elitegruppa)

Kjell Storelid(elitegruppa)

John Kvarme(talentgruppa)

Kjell Håvard Belsvik(rekruttgruppa)

Materialforvaltar: Jan Aas

Økonomigruppa: Bjørn Dalen

Henning Nordfond

Onar Westerheim

### ***Medlemer:***

Skeisegruppa har 65 medlemer pr 31.12.2015

### ***Styremøter:***

Det vart avvikla 4 styremøter i 2015

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### ***Eksterne møter og representasjoner:***

Henning Nordfond har vore leiar for gruppa som arbeider for bygging av skeisehall

### ***Akivitar/arrangement***

Årsmøtet vart avvikla 16.02.2015

Årsfesten for gruppa vart arrangert 29.04.2015

Gruppa arrangerte 1 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2015.

Haustsesongen vart det ikkje arrangert løp pga manglende is

### ***Driftsoppgåver knytta til skeisebanen***

Skeisegruppa har også i år preparert isen før trening og løp

### ***Drift av kiosk/skeiseutleige***

Gruppa har hatt kioskdirfta i publikumstida også i år

### ***Sponsorar***

SKL

Kværner

DNB

Skagen Fondene

### ***Elitegruppa***

Aktiviteten i elitegruppa her hjemme har vert litt lavere denne sesongen. Det er flere årsaker til dette. Blant annet militærtjeneste og de to som har reist til Canada. Vi håper og tror at det kommer opp noen løpere fra ungdomsgruppa slik at vi fortsatt kan være en av de største klubbnene/lagene i Norges Cupen.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

### **Terje Almås.**

Terje er vår evigunge eliteløper. Han har vært med på elitenivå i snart 15 år. Han har kvalifisert seg til utallige NM starter igjennom skøytekariåren. Denne sesongen er den første på mange år Terje ikke deltok i NM grunnet sykdom.

Terje har følgende personlige rekorder:

500m	38.46
1000m	1.14.87
1500m	1.53.80
3000m	3.57.37
5000m	6.53.01
10 000m	15.14.61

### **Magnus Brask Nordfond.**

Magnus er tilbake etter militærtjeneste og har derfor en noe amputert sesong bak seg. Han er allikevel tilbake på det nivået han var før militæret, og satser videre på en skøytekariære.

Magnus har følgende personlige rekorder:

500m	38.19
1000m	1.16.57
1500m	2.0013
3000m	4.18.78
5000m	8.00.80

### **Magne Notland.**

Magne bor og trener i Calgary, Canada. Han har hatt en eventyrlig fremgang dette året. Han er blitt sterkere og bedre teknisk. Han har faktisk klart ISU's ( International Speedskating union) World cup krav på 1000m og 1500m. Magne må forbedre seg enda et hakk for å komme i posisjon til deltakelse med det Norske flagget på brystet i WC. Dette er et klart mål fremover for Magne.



Magne har følgende personlige rekorder:

500m	36.60
1000m	1.11.54
1500m	1.48,61
3000m	3.53.95
5000m	6.52.79

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Espen Brask Nordfonn.



Også Espen bor og trener i Calgary. Dette året ble litt opp og ned for han rent resultatmessig. Det tar alltid noe tid å tilvenne seg en ny tilværese og et nytt trenings regime, men forløsningen kom under Olympic Oval finale der det ble flotte personlige rekorder og mye påfyll på motivasjonssiden. Ha har også utviklet seg mye både fysisk og teknisk dette året.

### Espen har følgende personlige rekorder:

500m	36.76
1000m	1.12.85
1500m	1.51.97
3000m	4.10.86

### Jon Greger Notland

Han har trappet ned litt i forhold til tidligere sesonger, men har etter hvert blitt en rutinert løper som allikevel har hatt gode prestasjoner på banen dette året.

### Jon Greger har følgende personlige rekorder:

500m	38.49
1000m	1.14.68
1500m	1.55.29
3000m	4.14.36
5000m	7.20.61
10 000m	16.10.22

### Rekruttgjengen i Stord IL Skeisegruppa.

Nye rekrutter etablerer seg i skeisegruppa. Dei er vorte relativt flinke og øvingsprogrammet er målretta skeisetrenin med mest vekt på leik, bevegelse, teknikk og koordinasjon.

#### Nokre av de talentfulle rekruttane som har deltatt siste år:

Dina Storelid, sterk på lange distansar.

Emma Waage, gode startar

Samuel Waage, gode startar

Simen Storelid, fine svingar

Mange har skaffa seg klappskieiser og tricot. Framgangen er stor. Det er tydelig at farten aukar skeisegleda.



Erlend

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Talent i Stord IL Skeisegruppa.

Tider oppnådd i året 2013 og 2014:

Talent-grupp a		500m		1000m		1500m		3000m	
Navn	F.år	-14	-15	-14	-15	-14	-15	-14	-15
Dina Storelid	2004	-	<b>54,58</b>	<b>2.20,48</b>	<b>1.57,82</b>	-	<b>2.56,12</b>	-	-
Johannes Kielland Kroka	2002	-	<b>63,87</b>	-	-	-	<b>3.48,80</b>	-	-
Daniel Stautland Hauge	2002	<b>53,68</b>	<b>50,89</b>	<b>1.55,50</b>	<b>1.43,28</b>	<b>2.55,85</b>	<b>2.48,88</b>	-	<b>5.54,23</b>
John Granli	2002	<b>51,07</b>	<b>46,55</b>	<b>1.49,75</b>	<b>1.36,45</b>	<b>2.42,66</b>	<b>2.26,78</b>	-	<b>5.14,50</b>
Erlend Belsvik	2002	<b>46,68</b>	<b>44,37</b>	<b>1.32,88</b>	<b>1.29,03</b>	<b>2.24,28</b>	<b>2.17,17</b>	<b>9.13,51 (5000m)</b>	<b>5.03,78 8.29,73 (5000m)</b>
Kristine Notland	2000	<b>49,91</b>	<b>49,37</b>	<b>1.39,33</b>	<b>1.36,82</b>	<b>2.33,42</b>	<b>2.28,42</b>	-	<b>5.56,82</b>
Marcus Rasmussen Kvarme	2001	<b>46,36</b>	<b>46,79</b>	<b>1.33,14</b>	<b>1.33,14</b>	<b>2.23,26</b>	<b>2.23,17</b>	<b>5.45,67</b>	<b>5.09,62</b>
Anja Sporsheim	1998	<b>45,84</b>	<b>45,04</b>	<b>1.38,57</b>	<b>1.33,63</b>	<b>2.33,65</b>	<b>2.34,74</b>	<b>5.56,41</b>	-
Øystein Måge Skorpen	1998	<b>47,19</b>	<b>45,47</b>	<b>1.40,82</b>	<b>1.33,89</b>	<b>2.30,28</b>	<b>2.28,66</b>	<b>6.08,23</b>	<b>5.20,26</b>
Olav Sørheim Nylund	1998	<b>43,02</b>	<b>40,04</b>	<b>1.28,20</b>	<b>1.22,11</b>	<b>2.18,27</b>	<b>2.09,75</b>	<b>4.56,76 9.27,72 (5000m)</b>	<b>4.42,20</b>
Thomas Haraldsen	1996	<b>57,15</b>	<b>55,82</b>	<b>1.55,92</b>	<b>1.55,92</b>	<b>3.05,29</b>	<b>2.57,93</b>	<b>6.13,74</b>	<b>6.05,79 (12.05,46 5000m)</b>



# SIL ÅRSRAPPORT 2015


## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

Trenarar: John Kvarme og Kjell Håvard Belsvik

Talentgruppa har siste år hatt super framgang. Humøret er stort sett på topp og det blir heilt stille når John fortel gamle anekdoter fra tidligare epoker i skeisegruppa. Alle har satt nye persar og dei som vil sjekke disse nærmere kan gå inn på [www.speedskatingresults.com](http://www.speedskatingresults.com).

I tillegg har mange no testa ut litt lengre distansar enn 1000m og har gjort mange gode løp også der. Følgjande personar kvalifiserte seg til Landsmesterskapet (LM) som er uoffisielt NM for yngre fra 12 til 16 år.), Olav Nylund(15), Øystein Måge Skorpen (15), Anja Sporsheim (15), Kristine Notland (13), Marcus Kvarme (13) Daniel Stautland Hauge (12), Erlend Belsvik (12) John Granli (12).

*Anja tok sølv i 15-årsklassen og er dermed nest beste jente i Noreg i sin klasse. Godt gjort!*



Johannes kosar seg med is også i pausen. Thomas er alltid i godt humør.

Olav også.



Anja gir gass...

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA



### Veterangruppa år 2015

Veterangruppa kan sjå tilbake på nok eit aktivt år med mange gode resultat.

I gruppa er det i alt 7- 8 veteranar. 6 av desse har delteke på følgjande løp:

**Kretsløp :** 5 deltagarar.

**OC-løp i Stavanger:** 6 deltagarar

**NM for veteranar i Bjugn :** 3 deltagarar

**VM Sprint Masters i Colomna :** 2 deltagarar

**VM Allround Masters i Calgary :** 3 deltagarar.

**Masters i Vikingskipet :** 3 deltagarar

#### **NM i Bjugn :**

Her vart det oppnådd følgjande plasseringar( 4 distanser + samanlagt )

Onar Westerheim M65 : 4 gull 1 sølv og nr 1 samanlagt

Harald Westerheim M65: nr 5 samalagt

Jan Henriksen M70 : 1 sølv og 1 bronse og nr 5 samalagt

#### **VM Sprint Masters i Colomna :**

Onar vart nr 5 i M65 (13 deltagarar)

Jan fekk sølv samanlagt i M70 (9 deltagarar)

#### **VM Allround Veteranar i Calgary.**

Onar vart nr 4 i M65 (21 deltagarar)

Harald nr 10 i M65

Jan vart nr 5 i M70 (9deltakrar)



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

---

**Klubben held følgjande noregs- og verdensrekordar pr. 31.01. 2015:**

**Verdensrekordar :**

Onar M65	Sprint firkamp	173,390
Onar M65	Stor firkamp	186,732

**Noregsrekord :**

Onar Westerheim M65	5000m	8,02.09	Hamar
Onar Westerheim M65	10000m	16,34,60	Stavanger

**Det vart også sett følgjande nye kretsrekorder i 2015:**

Harald Westerheim M70	1500m	2,25.51	Stavanger
Harald Westerheim M70	3000m	5,04.04	Stavanger

**Årsbeste 2015**

	500m	1000m	1500m	3000m	5000m
--	------	-------	-------	-------	-------

**M45**

Kjell Håvard Belsvik	41.86	1.23,27	2.06.22	4.42,66	8,05,64
Jan Aas	44,39		2.18,49		

**M65**

Onar Westerheim	43.76	1.28,38	2.14.92	4.4321	8.23.15.
Harald Westerheim	48.43	1.34.09	2.21,30	4.47.95	8.36.66
Frank Einar Pedersen	51,65	1.40.78	2.34,35	5.27,58	9,42.90

**M70**

Jan Henriksen	46.30	1.33.94	2.26.28	5.26,63
---------------	-------	---------	---------	---------

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.7 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



### Årsmelding 2015 – Stord Volleyball

Det er mykje positiv aktivitet i volleyballgruppa. Utfordringar er knytt til rekruttering og styrking av trenarapparatet. Økonomien er god, og gruppa ønskjer framleis å jobbe meir systematisk med rekruttering.

#### STYRET

Svein Andersland - leiar  
Turid Verdal - økonomiansvarleg  
Aud Jorunn Vedøy - kursansvarleg  
Øyvind Langballe Storebø - sportsleg ansvarleg  
Frode Dyrhol - kioskansvarleg  
Rebekka Kvamme Kristensen - yngre representant  
Line Larsen Skjetne - skriver (gjekk ut av styret haust 2015)

Styret har hatt møter om lag ein gong i månaden. Styret vil nyte høvet til å takke medlemmar, føresatte og andre som er med og hjelper til på dognadene Kværner HobbyVolley og yngre serierunde på Vikahaugane. Volleyballgruppa ved leiar har møtt fast på hovudlagsmøte.

#### MEDLEMAR OG ANDRE AKTIVE

Det var registrert 69 medlemar i sesongen 2014-15. I tillegg er det fleire som støttar gruppa gjennom dognadsarbeid og andre aktivitetar. Medlemstalet er noko ned frå 2014, og gruppa har som mål å engasjere fleire i volleyballen på Stord.

#### LAGRAPPORTAR

##### Damer senior 2. divisjon

*Sesongen 2014/2015:* Sesongen 2014/2015 enda med 5. plass i både seriespelet og i sesongens rankingturnering. Det ga 5. plass samla sett. Laget har hatt ein stabil tropp med ein erfaren grunnstamme. Kring nyttår kom det til fleire spelarar noko som var positivt, og for nokre kampar avgjerande. Laget har hatt to treningar i veka. Spelande trener har vore Gry Tuset.

*Sesongen 2015/2016:* Laget låg på 4. plass ved årsskiftet, etter ni spelte kampar med seks sigrar og tre tap. På den årlege rankingturneringa mobiliserte laget for å komme vidare frå gruppesspelet, og fekk til slutt ein heiderleg 4. plass. Dette er det beste resultatet laget har hatt i rankingturneringa på mange år. Sesongen vert avslutta med fem kampar i vårsesongen 2016.

Gledeleg for sesongen er at ein har fått med seg nye spelarar, og at fleire juniorspelarar har delteke både på trening og i kampar. Laget har hatt to treningar i veka. Spelande trener er framleis Gry Tuset.

##### Herrer senior 2. divisjon

*Sesongen 2014/15:* Herrelaget vann 3. divisjon og rykka opp til 2. divisjon. Med ein rimeleg brei spelarstal, med både seniorar og juniorar, vart det i dei to siste serierundene i januar og februar stilt med to lag. Førstelaget vann tre av fire serierundar og gjekk først på eit tap i siste og fjerde serierunde.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.7 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

*Sesongen 2015/16:* Før sesongstart i 2. divisjon var det ei målsetjing om å ta medalje, eit realistisk mål sjølv om det har vore færre spelarar enn fjarårssesongen. Laget starta bra og slo mellom anna fjarårets serievinnar Gneist i første heimekamp. Diverre vart midtspelar Jan Fredrik Andersen langtidsskada, og laget har brukta lengre tid på å komponere ein ny førsteseksar. Dette har gjort at resultata har uteblitt, og laget har no ikkje medalje innanfor rekkevidde. Det er usikkert korvidt laget stiller i 2. divisjon neste år. Trenar har vore Øyvind Langballe Storebø.

### Gutar U17

Det har ikkje vore påmeldt G17-lag i seriespel i 2015. Gutane har likevel to treningar med ei blanding av U15-U19. I løpet av hausten 2015 er det kome fleire gutar med, og det er å håpe at det kan stillast nye lag i U15 og U17 til neste år. Trenarar har vore Svein Andersland og Øyvind Langballe Storebø.

### Jenter U15/17

Sesongen 2015/2016 starta med første tur til Smash-off i Øystese i august. Her var det og uttak for jentene til regionslaget U16. Det var ei kjekk helg med mykje god erfaring å ta med vidare. Regionlagstrenarane vart imponerte over Oda Løvø Steinsvåg som berre har trent med oss eit halvt år, og ho fekk vera med på neste samling med regionslaget.

Laget har akkurat nok spelarar til lag i seriespel, blanda både av 2001, 2000 og 1999-spelerar. Synd at ein ikkje får med fleire, men ein klarer likevel å stille med eit godt lag med sju spelarar første seriehelga. Ein kjekk tur med både tap og siger. Ettersom vekene gjekk vart me fleire spelarar, men fleire er heilt nye og treng trening før serierunde nr 2. Laget får då med jenter i alderen 13 til 16 år, og håpar at det seinare i sesongen kan stillast med eit U15 lag. I andre serierunde på Husnes gjorde laget det bra og vann fleire kamper. Jentene har hatt ei kjempeutvikling og har stort pågangsmot for sigrar. Etter seriehelga på Husnes rykka laget opp i 2.divisjon. Til dei to siste serierundene har laget trent på ein-oppleggarsystem for betre å definere posisjonar og spelarroller. Dette er med på å heve nivået.

Det var diverre ikkje spelarar til å stille med U15-lag denne sesongen. Dette er eit mål neste sesong. Jentene trener to timer to gonger i veka. Trenar har vore Aud Jorunn Vedøy.

### U13 MINIVOLLEYBALL

Det har denne sesongen vore ei stabil stamme med spelarar som framleis er med frå førre sesong. Det er gledeleg at gutane som starta sist sesong og er med. Saman med nokre nye så utgjer dei ei fin treningsgruppe. Gruppa utgjer ein tal på 10-12 jenter og 5-6 gutar. Desse trenar stort sett saman med same treningstid, hall og treningsopplegg. Frå hausten 2015 har det vore tilbod om to treningar, men hovudtreningsa har likevel vore måndagar. Jentene som har vore med lengst har fått trene med J15/17, noko som gir god inspirasjon for vidare utvikling og satsing.

For sesongen 2015-16 har jentene delteke med lag i alle fire seriehelgene. Gutane debuterte i seriehelga som vart arrangert i Sandslihallen 28. oktober 2015. Trenarar inneverande sesong har vore Endre Bjørn Ladehaug og Per Øystein Kannelønning. Geir Mosaker har vore oppmann.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.7 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA



### TALENTSAMLINGAR OG REGIONLAG U16

Hordaland Volleyballregion inviterer til opne talentsamlingar for U16. Ivar Utbjoe Andersland deltok hausten 2014 på fire slike samlingar, og vart tatt ut til regionslaget til Hordaland for NM U16 i Oslo i januar 2015. I NM kom Hordaland på 4. plass.

Hausten 2015 har det vore fleire samlingar med mål om NM-deltaking i Oslo 15.-17. januar 2016. På guttesida vart Ivar Utbjoe Andersland tatt ut på laget. På jentesida vart Oda Løvø Steinsvåg tatt ut på ei bruttosamling, ein god prestasjon da ho har spelt volleyball mindre enn eitt år. Det er positivt for klubben å kunne rekruttere og utvikle spelarar som hevdar seg på regionalt nivå.

### REGIONAL TRENINGSSAMLING

30. november 2015 vart det arrangert klubbsamling på Stord. 44 spelarar og 12 trenarar og foreldre frå Stord, Sveio og Bømlo fekk ei god treningssamling med Kåre Mol som instruktør og inspirator. Med bruk av tre langnett vart det ei effektiv og lærerik økt med fokus på teknikk og spel.

### ARRANGEMENT

#### *Kværner HobbyVolley*

I 2015 har gruppa arrangert to Kværner HobbyVolley-turneringar, nr 30 18. april med 43 lag og nr 31 21. november med 40 lag. Dette er eit påmeldingsnivå me er godt nøgde med, og som viser at turneringa framleis har godt driv i seg. Det er kjekt å arrangere HobbyVolley.

#### *Yngre serierunde nr tre 11.-12. januar*

Stord stod som arrangør av Yngre serierunde nr tre 10.-11. januar 2015 for U13 og U19/herre 3. divisjon. Dessverre gjorde orkanen "Nina" at U13-arrangementet på laurdagen måtte avlysts. Det vart ein hektisk morgon med mange telefonar for å stoppe lag som var på veg til Stord. Seriekampane på søndagen gjekk som normalt.

### KURS

Øyvind Langballe Storebø og Endre Bjørn Ladehaug har delteke på Trenar 1-kurs i regi av regionen. I samband med Kværner HobbyVolley i november vart det arrangert dommarkurs for eigne spelarar og naboklubbar. Her deltok fem interne og to eksterne yngre spelarar.

### SOMMARLEIR, REGIONLAG U16

Ivar Utbjoe Andersland deltok på sommarleiren i august 2015 i Øystese. Dette var og ei første samling for uttak til regionlaget U16.

### WAGNER MEMORIAL POLEN

I august var Stord representert ved Svein Andersland og Håvard Utbjoe Andersland på fellestur med andre klubbar i regionen til Wagner Memorial, ei firenasjonars herreturning i Polen. I år gjekk turneringa i Tourun. Slike turar gir god inspirasjon til arbeidet med volleyballen heime. Wagner-turen gir og høve til trening og ein blir kjent med andre klubbar. Å knytte kontaktar mellom klubbane i regionen er svært positivt.

### SANDVOLLEYBALL

26. april heva nokre av herrespelarane og Pål Kristensen gjerdet på sandvolleyballbanen. I alle år har det vore ei plage at ballen lett sprett over gjerdekanten, og dette er det no meir eller mindre slutt på. Spesielt takk til Montèr Stord som sponsa materiale og Ing. Øyvind Jørgensen som sponsa gjerdet.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.7 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

---

Sportsleg var målet å kunne arrangere ein runde av Sparebanken Vest-cup i sandvolleyball på seinsommaren. Dette vart dessverre umogleg å gjennomføre da ein stolpe vart øydelagt under Handballfestivalen (har ein svakheit i sveisefestet). Stolpen er framleis ikkje reparert.

Klubben har elles vore representert i NM sandvolleyball for U17 i Kristiansand 3.-5. august. Her spelte Ivar Utbjøe Andersland i lag med makker Johannes Helland-Hansen frå Rossvoll i Øystese. Dei spelte seg fram til ein fin 9. plass.

### **NETTSIDER, SOSIALE MEDIUM, STREAMING**

Volleyballgruppa er aktiv brukar av eiga nettside og Facebook. Facebook er eit viktig sosialt medium for å spreie informasjon og kommunisere med volleyballinteresserte, mellom anna i samband med HobbyVolley-arrangementa.

Hausten 2015 har ein prøvd å skape meir liv rundt 2. divisjonskampane for dame og herre. Bruk av musikk før og under kamp har slått positiv ut og gir ekstra tyngde og energi til kamparrangementa. Alle heimekampane, og fleire bortekampar for herrelaget, er streama via Livestream.com. Kværner HobbyVolley vart og streama store delar av dagen. Dette har vore populært, og er ein god kanal for å vise fram volleyballsporten.

### **REKRUTTERING**

Rekruttering er eit viktig tema for gruppa. På jentesida er det bra rekruttering på U13, U15 og U17. På gutesida har rekrutteringa betra seg i løpet av hausten 2015, men gruppa må framleis jobbe for å få fleire gutter aktive i volleyball. Det er ønskjeleg å jobbe meir systematisk med rekruttering i alle årsklassar.

### **HEIDERSMERKE**

Åsmund Storebø og Svein Andersland mottok heidersmerke i bronse på årsmøtet for hovudlaget.

### **ØKONOMI**

Volleyballgruppa har hatt eit godt økonomisk år i 2015, og har likvide midlar til å utbetale kostnadar gjennom året. Drifta og budsjettet har vakse dei siste åra, og ein satsar på å dekke kostnadar gjennom sponsoring, treningsavgift og sportslege arrangement. I året 2015 har ein gjennomført fleire gode arrangement og motteke sponsormidlar. Utgiftene er knytt til halleige, kampavvikling, trenarhonorar, utstyr, kurs og andre utgifter som omfattar annonsar, interne arrangement, lisens med meir. Resultatet frå 2015 viser etter finans tilnærma balanse, der av om lag 3.000 kr i overskot.

Gruppa har generelt ein sunn økonomi og fornuftig pengebruk. Inntektene kjem frå arrangement, treningsavgift og støtte/sponsor/dugnad. Den siste posten inkluderer sponsorstøtte frå Kværner, støtte for gjennomføring av arrangement frå Hordaland Volleyballregion, samt støtte frå hovudlaget (årleg støtte).

Stord, 25. februar 2016

*Svein Andersland  
Leiar, Stord Volleyball*

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.1.9 - ÅRSMELDING IDRETTSMERKE



## ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2015

Utvalet har hatt 2 møter med planlegging av dagar og der tider for prøvane vart bestemt.

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor deltararane har kunne avgjort prøvane.

I året 2015 var det 43 som greide krava. Ein liten nedgang fra 2014. Håpar fleire grupper får fleire til å ta idrettsmerke i 2016.

Me håpar at det vil bli fleire som vil ta prøvane i 2015.

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Merka vart delt ut på den årlige tilstellinga me har i Idrettstova.

I år som i fjar så var det deltararar frå Trott. Veldig kjekt.

Desse har vore i utvalet i 2014: Gisle Tjong, Per Lunde, Sigurd Riise, Nils Søvold, Johannes Belsvik og Marit S. Cruickshanks.

Utvalet vil takka Tools/Maskinhjørna AS for lysinga i Sunnhordland.

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk gjeng som er med her. Kjekke å jobba saman med.

Ser fram til ein ny periode.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

---

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



### Årsmelding for Stord Fotball 2015

Stord Fotball har i 2015 hatt det sjette året som eit eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9.desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige særidrettslag i allianse med Stord IL.

Samla var det 50 lag i Stord Fotball i 2015, då medrekna senior menn med to lag og likeeins to damelag. Dette er like mange lag som i 2014.

Medlemsmassen er stabil. Det var registrert 640 medlemmer i 2015. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjer ca. 150 engasjerte kvinner og menn. Målt i lag og medlemmer er me mellom dei største klubbane i Hordaland.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2015. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane er tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne og ungdomsgruppa. Kari Pedersen vart tilsett i Stord Fotball sommaren 2016 og er ansvarleg for Akademiet og allsidige kontoroppgåver.

### Visjon og målsetting

Vår visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Stord Fotball har ambisjonar om å være ein viktig del av idretts- og kulturlivet i Stord kommune kor identitet, inkludering, nærleik, kvalitet og utvikling skal vere førande for vår aktivitet.

Stord Fotball har som mål å gi eit tilbod til alle som ønskjer å spela fotball, og medverke til at born og ungdom utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

I barnefotballen ønskjer me å gi borna ei positiv oppleving av meistring saman med vene i eit trygt og kjent miljø. For ungdomsfotballen ønskjer me å gi eit variert tilbod til alle, med mål om at fotballen vil vere ein arena kor både det sosiale og sportslege er motivasjon for å drive fysisk aktivitet. Ein kombinasjon av lag spel og individuell utvikling kor god helse og fysiske ferdigheter i sunn konkurranse med jamnaldrede er bærekrafta.

Stord Fotball har i tillegg eit mål om gi eit tilpassa tilbod til dei som har lyst til å trene meir. Dette gjer me gjennom betre opplæring av trenarar, lagleiarar, dommarar og styremedlemmar. Gjennom motivasjons – og spelarutviklingstiltak for born og ungdom i ”Talentskulen”, ”Jenteløftet” og ”Teknikkskulen”, samt ”Akademiet” (Fotball SFT) for dei yngste, ønskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Stord Fotball har i 2015 lagt ein bevisst framtidig strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspillarar i regionen.

### Damelag

Damelaget vårt spelte i 2015 i 3 divisjon etter opprykket fra 4 div. 2014.

Før sesongstart var det stor optimisme. Vi så på moglegheitene til å overleve i divisjonen som gode. Det som bekymra oss var alle skadane på sentrale spillere når vi starta treningane på nyåret. Våre to mestscorende jenter fra 2014 sesongen sleit med skader. Det skulle vise seg at ingen av dei kom på banen denne sesongen. I tillegg hadde vi 6-7 sentrale spillere i stallen ikkje fått førebudd seg godt nok til spill i 3. divisjon. Det positivt var at fleire av jentene frå 99 årgangen fikk sjansen, og hadde ei flott utvikling gjennom året.

Vi spilte 22 seriekamper, og hadde 4 seire 4 uavgjorte kamper og 14 tap. Bortsett fra 3 seriekamper der vi var sjanseløse, var vi i dei andre 19 kampene fullt på høyde eller betre spillemessig enn våre motstandere. 7 av tapene endte med knepne 1 mål`tap. Problemets vårt var at vi ble litt for «pusslitte» foran begge mål. Vi endte til slutt på nest siste plass og nedrykk, men dette blei ikke avgjort før i siste runde. Med tanke på vårt unge mannskap med ein snittalder på 17 år var det ingen krise at vi måtte ta turen ned igjen i 4 div. Med den stamma vi har no, og med dei gode årgangane som kjem bakfra, ser det lyst ut for damefotballen i Stord dei komande åra.

Vi hadde ei treningsgruppe i 2015 på totalt ca. 30 jenter (damelag og J19-lag), mens snittet på treningsoppmøte lå på et sted mellom 15 og 20 jenter. Med denne modellen blei treningsgruppa litt for ujevn og oppmøte for varierende. Det var for stor forskjell på ambisjonsnivået til nr. 1 og nr. 30. Dette har vi lært av til 2016 sesongen og har gjort endringar.

Øyvind Mellemstrand har vært hovudtrener og hjelpetrenere har vært Stein Erik Eriksen, Atle Ersland og Håkon Vestbøstad. Stig Johnny Leitet har vært lagleier/oppmann.

Sportslig helsing  
Øyvind, Stein Erik, Atle, Håkon og Stig Johnny

### Senior menn

Etter at nedrykket til 3 divisjon var et faktum høsten 2014, startet jakten på nye trenerkrefter for A laget til Stord. Etter intervju og referansesjekk, valgte Stord å signere kontrakt med Tommy Knarvik som sist hadde trent Nest Sotra i 1. divisjon. Tommy fikk med seg Sturla Aakre som assistenttrener og Tom Erik Solstad som fysisk trener.

Etter nedrykket, valgte flere av de erfarne spillerne å gi seg i klubben. Dette gjorde at Stord trengte ny keeper og klubben signerte derfor Rune Solhaug fra Kopervik.

Utover dette, var det en rekord ung A stall som startet oppkjøringen til sesongen tidlig i januar, med 4-5 fotballøkter i uka. I tillegg kjørte Tom Erik regelmessige styrkeøkter i etterkant av fotballøktene.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Laget viste fine takter allerede i treningskampene og vant mot Åkra, Odda og ikke minst Brodd i Tyrkia.

Tradisjonen tro reiste A-laget til Tyrkia rett før påske. Utbytte av turen var som vanlig bra, både sportslig og sosialt. Ikke minst den overbevisende seieren over Brodd, gav grunn til optimisme med tanke på en god sesong.

I NM gjekk Stord videre til 2 kvalifiseringsrunde ved å slå Kopervik 4-0 på bortebane. I 1 ordinære runde kom Nest Sotra på besøk. Stord gjorde en bra kamp, men tapte tilslutt 2-0 og var dermed ute av cupen.

Laget startet sesongen hjemme på Vikahaugane mot Os og sikret 3 poeng, ved å vinne 5-3. Etter 5 serieomganger toppet laget serien, med 15 poeng. Første poengtap kom i bortekampen mot Riska som endte uavgjort 2-2. Laget toppet tabellen til ferien.

Utover høsten viste 2. lagene til Haugesund og Viking, samt Vardeneset som de argeste utfordrerne i forhold til opprykk.

Utover sesongen, ble laget styrket med flere gode spillere som Simen Grov, Henrik Vervik og Tor Andre Aasheim Skimmeland. Dette var nok en medvirkende årsak til at laget plukket viktige poeng utover høsten og kunne kjempe om opprykk til siste serierunde.

Siste og avgjørende kamp gikk borte mot Randaberg og etter en ulidelig spennende 2. omgang kunne laget, støtteapparat og tilreisende supportere til slutt juble for retur til 2. divisjon, på første forsøk. En kjempe prestasjon.

Trenere, spillere og støtteapparat rundt A laget har gjort en formidabel jobb i 2015, noe som gjorde at oppholdet i 3 divisjon ble kortvarig. Opplegget har på alle måte vert profesjonelt. Ikke minst har oppmannsapparatet gjort en kjempejobb med tanke på tilrettelegging for trenere og spillere både i forhold til kamp og trening. God oppfølging fra Tom Erik viste seg å være forebyggende i forhold til alvorlige/langvarige skader. Når det først var nødvendig med behandling, stilte Sindre Askeland opp og gjorde manns jobb. Takk til Sindre.

Trenere denne sesongen har vert Tommy Knarvik, Stura Aakre og Tom Erik Solstad. Tommy ble for øvrig kåret til årets trener i 3 divisjon. Gratulerer til Tommy. Holger Iversen har vert sportslig leder og tatt seg av keepertreninga.

Lagledere har vert Jan Aksnes, Jan Ivar Olsen, Leif Leknessund og Audun Bårdsen. Godt å ha Audun tilbake i miljøet.

Årets Spelar for Stord 2014 Roger Blokhus Ekeland

Årets mest framgangsrike spiller Johannes Skard

Årets Toppskårar Morten Hillestad

Stord Fotball sitt 2. lag rykte dessverre ned fra 4. divisjon etter en varierende sesong.

En del bytter fra kamp til kamp på A laget, gjorde at 2 laget ble skadelidende med tanke på å kunne stille best mulig mannskap. Likevel viste laget i enkelte kamper at potensiale absolutt er til stede.

Kjell Petter Neset, Bjørn Are Njøs, Helge Røksund og Kjetil Skulstad har hatt ansvar for 2 laget.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

### Barne og ungdomsfotballen

#### Barnefotballen

Barnefotballen er delt inn i lillejente/lillegutt (11 og 12 år) og miniputt (7-10 pr).

Lillejente/lillegutt spiller 7'er fotball, mens miniputtene spiller 5'er fotball.

Alt i alt var det 34 påmeldte lag i året som gikk. To lag mindre enn i 2014.

I årskullet 2007 er det en økning på lag i forhold til 2014. Det er startet både jente- og guttelag på Leirvik skole og Langeland skole. Rekruttering av spillere er en pågående prosess.

Samarbeidet mellom lagene seg imellom har økt. Både på tvers at klasser og årstrinn.

Barnefotball i Stord Fotball er delt inn i skolekretsene Langeland, Leirvik og Hystad. Vi ser at Hystad skole på grunn av geografisk beliggenhet nå kretser til Trott og banen på Prestegardsskogen. I 2015 mistet Stord Fotball sine siste lag på Hystad skole, da eit 2007 og eit 2003 lag valgte å melde overgang til Trott 01.01.16

Stord Fotball har fokus på barnefotballen, men har i 2015 økt fokuset med å aktivt følge opp de yngste lagene spesielt, samt tilbudt nye trenere og lagledere kurs i UEFA C-lisens.

Stord Fotball ønsker å ha et godt tilbud til barn gjennom trening veiledet av gode trenere, med økter som har fokus på lek og moro, samt at alle får en fotballfaglig utvikling.

Morten Tislevoll vil i 2016 være aktiv trenerveileder for gruppene i barnefotballen.

#### Ungdomsfotballen

Stord Fotball har markert seg på ein fin måte i ungdomsavdelinga (13 - 19 år) i sesongen 2015.

#### Jentene

I sesongen 2015 organiserte Stord Fotball 17 jente lag i barne og ungdomsgruppa. Jentene startar med 5'ar fotball, deretter 7'ar, 9'ar og til slutt 11'ar fotball. Jentesida i Stord Fotball er om lag like stor som gutteandelen i klubben.

Dei minste har hatt sin arena på Ås og Hystad, medan dei andre laga har fordelt seg på Vikahaugane og Langeland. Laga har blitt organisert av mange dyktige foreldre. Bredde skapar topp, er eit av slagorda til klubben. Me rundt jentelaga meiner dette har me til dels fått bra til. Skal me få gode fotballopplevelsar må me ha bredden med oss.

Laga har vore flinke til å støtte opp om lokale cupar i nabo kommunane og i naboklubbane. Her er nokre av cupane som dei har delteke på: Puttefestivalen, KiWi cup på Bømlo, Etne Cup, Spar Haga cup, Benditcup, Fitjarcup med meir. Sommarcupar er også svært populært, spesielt for den eldre garde. Også i denne sesongen har me hatt lag med til DanaCup, NorwayCup og cupar på Sørlandet.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Stord Fotball har mykje å vera stolt over når det gjelder jentefotballen. Mange sterke plasseringar i dei respektive seriane og ikkje minst er Stord den desidert største klubben i Hordaland som bidrar med spelarar til Hordaland sine kretslag for 2001 og 2002. I dei lokale sonesamlingane i Sunnhordland er Stord og den desidert største bidragsytaaren.

Takk til alle aktive og dyktige foreldre trenarar og lagleiarar, jentefotballen hadde ikkje kommen så langt om det ikkje hadde vore for dykk.

### Gutane

På gutesida har juniorlaget blitt prega litt av at mange spelarar vart involvert i satsinga til Stord 2 for å halde plassen til 4. divisjon. Tre spelarar opplevde å passere 70 kampar i sesongen fordelt på desse to laga. Slik gir därleg treningskvardag og korkje juniorlag eller rekruttlag klarte å halde plasseringa i høvesvis 1. div jr og 4. div. Juniorlaget hadde bare 17 spelarar og når mange måtte spele to stader gav det behov for ein del lån i kamp frå gutelaget. Spelemessig fekk laget nokre høgdepunkter med sterkt siger mot Gneist i slutten av juni (som på dette tidspunkt leia serien) og avansement i NM cup til 3. runde. I 2. runde vann laget over Vard Haugesund. Dei sterke sigrane kom då det vart høve til å låne nokre av dei mange gode juniorane i a-stallen.

Viking vart for sterke (1-6) i tredje runde.

Høgdepunktet til jr laget vart nok Gothia Cup. Juniorlaget kom til a-sluttspelet, men tapte 1-2 mot eit svensk lag som til slutt spelte i finalen. Spelemessig leverte laget godt spel i turneringa. Fleire jr frå a-stall deltok på turen så det vart ein stor og god tropp på 20 spelarar!

Kjell Petter Nesi, Helge Røksund, Bjørn Are Njøs og Kjetil Skulstad utgjorde trenar- og leiarteam for laget gjennom sesongen.

---

På gutesida var det gledeleg å oppleve at me i innleiinga til sesongen hadde nok spelarar til tre lag. G16-1 og G16-2 var 11'ar lag. G16-3 vart etterkvart sjuarlag. G16-1 gjorde ein god sesong og hang lenge med i kampen om KM. Det endte med tredjepllass i øvste divisjon.

Dette laget (1999-spelarar) deltok også for andre år på rad i interkretsserie der dei beste laga i Hordaland, Rogaland og Vest Agder deltok. Høg kvalitet på motstandarar gav verdifull matching. Det vart nokre tap og sluttlassering tredje sist av 12 lag, men læringspotensialet i å møte slik motstand er stort!

Sommaren deltok laget i Gothia Cup der laget viste kvalitetar ved å kome heilt til kvartfinalen. Sterkt i ei så stor turnering! Eit fransk lag vart overmakta på Bravida Stadion som er Häcken sitt stadion i Allsvenskan. Kjekt for gutan å få ei slik ramme kring ein kvartfinale! Anna høgdepunkt i 2015 var deltaking i elitecup i Notodden. Laget avanserte frå pulja etter storspel mot sterke lag frå klubbar på øvste nivå i Noreg.

Helge Røksund leia laget gjennom sesongen. Helge var nytildelt i Stord Fotball i 2015, men viste raskt at han gav gutane eit løft!



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

G16-2 og G16-3 utgjorde ei treningsgruppe, der G16-3 blei supplert med gutar frå G15 gruppa. Samarbeidet med eit lag på tvers av aldersgruppa G15 og G16 fungerte bra, og dette gjorde at mange både frå G16 og G15 fekk eit betre kamptilbod gjennom å vera med på G16-3 laget.

G15 gutane besto i år av eit lag med ei stor treningsgruppe der ein også hadde eit kamptilbod gjennom G16-3. Treningsinnsats utgjorde i hovudsak kva lag spelarane deltok på i kampar. Dette bidrog til at fleire av ungdommene fekk eit trenings- og kamptilbod som kunne tilpassast ynskje og vilje til den enkelte. Dette viste seg å bidra til at fråfallet av spelarar var lavt i ein årsklasse der ein elles mistar mange ungdomar gjennom året.

G15 deltok på Dana cup med to lag. Begge gjekk til B- sluttspel. 1. laget kom til 8- dels finalen og blei slått ut av Mandalskameratene. 2. laget tapte 32-dels finalen. For heile gruppa var Dana turen ein sosial kjempeseier, turen gav eit godt samhald i heile gruppa, og dei gode opplevelingane sat i gruppa heile haustsessongen.

Trenar og leiar team for G15 har vert Isak A. Grov, Kjetil Skulstad, Ivar-Andre Vedå, John Heine Fadnes, Jan Morten Haukefær, Jørgen Hvolslef og Nils Kristian Aamodt.

---

I smågutteklassen (G14) har Paul Stautland, Ståle Tesdal, Svein Gunnar Vik og Håvard Kvarme hatt ansvaret for G 14-1 og G14-2. Trenarane har slik oppsummering:

Det har vore 23 spelarar gjennom sesongen, og det har vore kamptilbod kvar veke til alle mann. G14-1 starta våsesongen i 1.divisjon og opna med ein sterk uavgjort mot Nymark på bortebane. Det viste seg likevel at det var tøff matching vidare denne våren. Det var nokre kampar som var jamne, men som glapp i sluttminuttane, og det var nokre kampar der me rett og slett ikkje nådde opp ferdighetsmessig.

Gutane deltok i Dana Cup. Etter å ha fått nokre smellar var det no på tide å reise seg. Og det gjorde gutane verkeleg. I ei jamn og tett pulje vart det to sigrar og to tap, dermed vart det B-sluttspel. Her kom dei seg til ein sterk 8-delsfinale der dei møtte Stryn. Me leia 1-0 til pause i sterk medvind, men det vart dessverre 3-1 tap til slutt. Det viktigaste var at gutane hadde fått bevist for seg sjølv at dei kunne spela god fotball og bretta opp armane når det trengtes.

Den positive opplevelsen var tatt med inn til haustsesongen, der begge lag no spela i 2.div. Mange blomstra verkeleg utover hausten, og hurtige overgangar med bruk av kantane gjorde at me fekk nokre fartsfylte kampar denne hausten.

Me har også spelarar som er me både på talentskulen og på sonesamling. Det er gode tilbod for dei som ynskjer å trena litt meir enn dei andre, og prøva seg mot tøffare motstand.

Me vil trekka fram sommarcupen som både det sportslege høgdepunktet, og det som har vore viktigast for lagbygging og sosialt samhold. Dette er gode minner gutane vil ha med seg resten av livet. I tillegg har laget vore på Sparebank 1 Cup i Haugesund, Regy Cup og Karmøy Cup.

Det er også verdt å trekka fram jobben som lagleiar Kjersti Klingsheim Høgås har gjort for denne gjengen gjennom mangen år. Trenarar og foreldre er takksame for denne jobben som Kjersti har gjort. Og i den samanheng kan me skryta av ei positiv foreldregruppe som har

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



arrangert kioskar på heimekampane og bidratt ned små og store ting. Me er også heldig å hatt privat bussjåfør i Torbjørn Lægreid ved fleire anledningar. Dette er «utanomsportslege» ting me i trenarteamet er glade for å fått god hjelp rundt.

---

2002-laget vart leia av Atle Nilsen og Svein Ove Eikenes, Atle Heggøy, Kjetil Hauge m.fl. Her finn me ei stor gruppe med treningsvillige guitar. Dei har trena jamt og godt gjennom heile sesongen.

I serien har dei delteke med to lag. Eit 11-er lag som har spelt eit årstrinn opp. Det laget var nær med å nå 1. divisjon i Hordaland. Og eit 9-er lag som har spelt lokal serie i Sunnhordland/Haugalandet.

Laga har delteke i fleire cupar og gjort det bra. 3. plass i Varegg Cup i Bergen på våren og sølv i Sandarcupen i Sandefjord som høgdepunkt. Gruppa hadde og ein fin treningstur til Brann som avslutning på sesongen.

---

Som ein ser har aktiviteten vore på høg for våre ungdomar på gutesida. Utanom laga har fleire spelarar også markert seg på krinsnivå og nasjonalt nivå. Me framhever særleg Einar Iversen som vart teke ut blant 20 spelarar som fekk delta på NFF/ Statoil sin Statoilleir, samt NFF regionleir. Petter Holm Neset (f. 2000), Einar Iversen (f. 2001) og Sindre Klingsheim Høgås (2002) har representert Stord Fotball på Hordaland sitt krinslag.

### Talentutvikling

Medlemmar i klubben har moglegheit til å prøva seg på Apply Leirvik Talentskule, Jenteløftet, Teknikkskulen og Akademiet.

Teknikkskulen og Akademiet vart starta i 2014. Apply Leirvik Talentskule er eit tilbod for gutter (5. -10. klasse) og jenter (6. -10. klasse), Jenteløftet er eit treningstilbod for jenter (2. - 5. klasse), Teknikkskulen er eit ekstratilbod for gutter (4. og 5. klasse), medan Akademiet er ei SFO-ordning for gutter og jenter (1. – 4. klasse). Føresetnaden som er satt for å driva eit slikt arbeid er at dette skal være eit tilbod som kjem i tillegg til det ordinære fotballtilbodet som alle har gjennom sine eigne lag, og at det ikkje skal gå på bekostning av breiddertilbodet.

Apply Leirvik Talentskule har no vore i drift i 8 år og erfaringa så langt er at dette har vore vellykka med fleire krins-, sone-, og landslagsspelarar i klubben enn me har hatt på mange år. Dette skuldast vel så mykje godt arbeid i eigne lag. Det er samspelet mellom talentskule og lagsarbeidet styret trur er nøkkelen til suksesen. Apply Leirvik Talentskule hadde på hausten 2015 dobbelt (86) så mange elevar frå 6 klubbar som i 2008.

Jenteløftet hadde ved utgangen av 2015 ca. 15 elevar. Her må me jobbe med å rekruttere fleire. Utfordring siden me har litt lite jentelag i dei aktuelle årsklassane. Den sportslege utviklinga er god. Jentene vart i 2015 trena av spelarar frå a-laget. Robin Øvrevik har hatt hovudansvaret.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

Teknikkskulen vart starta opp i september 2014 og vart allereie full (32 elevar) etter ei veke. Den sportslege utviklinga i 2015 har og vore er god. Gutane vart i 2015 trenar av spelarar frå A-laget. Robin Øvrevik har hatt hovudansvaret.

Akademiet kom i gang i februar 2014. Tallet på elever varierer gjennom året. I desember 2015 var det ca. 30 elever som gikk på Akademiet, fordelt på alt fra 5 dager i uken og ned til 1 dag i uken. Aktivitetene på Akademiet har i all hovedsak ledet av Jon Andre Røyrane og Kari Pedersen, med hjelp fra A-lags spillerene Kato Vangen og Roger Ekeland. I desember 2015 ble Espen Haugland med i gruppen, på tiltak fra NAV. Espen er med oss foreløpig frem til primo mai 2016.

Akademiet jobber kontinuerlig med rekrutteringen. Det er noen utfordringer med at vi ikke får tillatelse til å dele ut informasjon om dette tilbudet på skolene i kretsen, da dette tilsynelatende er i direkte konkurranse til skolen sitt eget SFO tilbud. Vi ser nå at gjennom god kvalitet, gode økter og engasjerte veiledere at interessen for Stord Fotball sitt SFO-tilbud øker. Akademiet har årsplan som ligger ute på Stord Fotball sin hjemmeside.

### Anlegg

#### Garderobebygg og klubbhus

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i eigne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Begge bygga vart overlevert frå entreprenør til rett tid sommaren 2014.

Bygging av garderobeanlegga og klubbhus vert gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak. Bygga har allereie vist seg å være ein suksess og begge garderobebyggja er no i full bruk og garderobekulturen er allereie begynt å spire i mange av laga.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane har hatt høg prioritet i 2015. Ved inngangen til 2016 er samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde på det nærmaste fullført. Det er eit mål at siste del av prosjektet på Vikahaugane vert fullført i 2016. Dette krev stor grad av eigeninnsats i form av dugnad.

#### Baneanlegg

Den nye kunstgrasbanen på Ås har i 2015 vore i full bruk og hjelper godt til at trening og kamplogistikken i barnefotballen går i hop.

Oppgradering av Hystad banen vart tatt ut av Stord kommune sitt budsjettet for 2015, og utsett til 2018. Manglande oppgradering av banen avgrensar fotballaktiviteten på Hystad, og utøvarane er meir avhengig av transport til andre anlegg.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Kunstgrasbanen på Vikahaugane er den mest brukte banen i kommunen. Dekket på banen er slitt, og har ikkje tilfredstilande kvalitet for å førebyggje skadar og lastningar. Kunstgraset vart lagt for 12 år sidan og har ein tilstand som gjer at det bør skiftast ut så snart som mogeleg, noko også ein tilstandsrapport frå Fotballforbundet bekreftar. Stord Fotball søkte i 2014 om tippemidlar, og har i heile 2015 vore i nær dialog med Stord kommune både administrativt og politiske for å få gjennomført rehabiliteringsarbeidet. Oppgradering av banen er no fullfinansiert i Stord kommune sitt budsjett for 2016. Anleggsarbeidet, utskifting av kunstgraset og nytt lysanlegg, vert utført i fotballferien slik at Stord Fotball til «Puttefestivalen 2016» har ein heilt «ny» kunstgrasbane på Vikahaugane.

Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2015. A-laget spelte alle sine heimekampar på Stadion.

Sjølv om banekapasiteten er vesentleg betra med nye baneanlegg på Ås og Langeland er me ikkje i mål i forhold til NFF sine måltal for tal på spelarar i klubben. Hystadbanen er i dårleg forfatning, og treng fornying og utbetring. Dette har mellom anna resultert i at Trott har teke ein meir aktivt posisjon i området som soknar til Hystad skule når det gjeld barnefotballen, og har etablert eit utvida tilbod for aldersbestemte lag. Grunngjevinga har vore at det er betre treningsforhold i Prestegardsskogen og ved den nye ungdomsskulen i Nordbygda. Dette har gitt seg utslag i reduserte medlemstal i Stord Fotball dei siste åra. Stord Fotball har historisk hatt ein sterk og god posisjon i Hystadområdet og har framleis som eit utvetydig mål å oppretthalde Hystad som satsingsområde for barnefotballen.

Styret meiner at 2015 har vore eit positivt år for anleggsida til Stord Fotball, sjølv om me har tatt på oss store og langsiktige økonomiske forpliktelser.

### Økonomi

Rekneskapen for Stord Fotball i 2015 syner eit driftsresultat med eit underskot på kr 445 903. Ordinaert resultat inklusive finanspostar viser eit underskot på kr 673 116. Eigenkapitalen er pr. 31.12.2015 redusert frå kr 1 091 264 til kr 418 149.

Budsjett for 2015 var i balanse med ei inntekt på 7,5 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2015 på 7,0 mill kr. Det var soleis eit negativt avvik på ca. kr 500 000 mellom budsjett og rekneskap

Driftskostnadane 2015 var på ca 7,5 mill kr, noko som var i samsvar med budsjett.

Styret er uroa over at medlemstalet for fotballgruppa stadig går nedover. Dette medfører til reduserte inntekter og påfølgjande lågare aktivitetsnivå.

Styret legg fram eit budsjett for 2016 til årsmøte som balanserer med en inntekt på kr 7 300 000.

Styret viser elles til revidert rekneskap med noter.  
KPMG er revisor for Stord Fotball i 2014.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

### Dommarar

Dommarsituasjonen i Stord Fotball er ikkje tilfredsstillande. 14 åringane vert pålagt å ta klubbdommarkurs, mellom anna for å dømme på puttefestivalen og i seriespelet for 5år og 7år fotballen. Alle lag i denne aldersgruppa vert tildelt ein fast dommar gjennom sesongen. Det er vanskeleg å få desse dommarane til å gå vidare og ta rekrutteringsdommarkurs. Det må gjerast eit grundig arbeid her med rekruttering i tida som kjem. Grunnen kan vera så mangt, men tilbakemeldingar frå borna er at det vert for lange avstandar når dei skal dei dømma kampar i 11år serien, og at dømminga tek for mykje tid med tanke på at dei fleste også er aktive fotballspelarar.

Stord Fotball har inngått samarbeid med Solid om å arrangera dommarsamlingar annakvar månad, og vil i 2016 prøve å etablere eit eiga prosjekt for å betre dommarsituasjonen.

### Kurs og utdanning

Trenere i Stord Fotball får tilbud om kurs gjennom e-post og på hjemmesiden til Stord Fotball. Det er også informert om kurs og mulighet til videreutdanning i trenerforum og lagledermøter. Vi har hatt en økning av kursdeltakere på kurs i 2015. I løpet av høsten ble det gjennomført følgende kurs:

#### UEFA C-lisens

Del 1: 5 stk, Del:2 3 stk og Del:3 2 stk.

#### NFF Fotballederkurs

Del 1: 3 stk og Del 2: 3 stk

Stord Fotball har som målsetning at flest mulig av klubben sine trenere skal ha en eller flere deler av C-lisen. Arbeidet med å tilby kurs vil være tema på alle lagledermøter og trenerforum i 2016. Ønske om at flere skal ta UEFA B-lisens i 2016 er en målsetning. Det vil også være tilbud om Førstehjelpskurs for trenere og lagledere i 2016.

### Klubbutvikling

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samanheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Stord Fotball skal i 2016 ha spesielt fokus på økonomistyring. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Spikerbua» med fotballstova som møteplass, samt ferdiggjering av klubbhuset i andre etasje i garderobebygget. Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjering om kven me er og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå. Styret vonar at ein i løpet av 1. halvår 2016 har starta arbeidet med «Kvalitetsklubbprosjektet», og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Hystad, Ås og Vikahaugane.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL



Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvane og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat avrett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Apply Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFT) for dei yngste,

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ønskjer eit opent og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2015.

Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette i Stord Fotball med innsatsen i 2015. Me ser alle fram til ein spanande fotballsesong i 2016.

**Stord 07.03.2016**

Roy-Sverre Amundsen  
Styreleiar

Trond Eirik Nielsen  
Nestleiar

Åge Ådland  
Styremedlem

Holger Baugstø Iversen  
Styremedlem

Egil Sandvik  
Styremedlem

Yngve Hjelmeland  
Styremedlem

Nina Sleen  
Styremedlem

Atle Tungeland  
Varamedlem

Inge Skaar  
Varamedlem



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2015 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Årets sesong har vore har sportsleg sett vore på det jamne for den eldre garden. På ungdomssida så har Stian Rykkje også i år levert gode resultat, han blei blant anna Vestlandsmeister i H15-16. Økonomien held seg sunn og viser eit solid overskot på drifta også i år.

I sesongen 2015 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre :

Leiar	:	Henrik Ottesen
Kasserar	:	Nina Hagerup
Styremedlem rekruttering	:	Sveinung Rykkje
Styremedlem kart	:	Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	:	Arnfrid Skjæveland
Varamedlem	:	Bjarthe Westerheim

I tillegg har desse nemndene fungert:

Kartråd	:	Åge Hovden og Sveinung Rykkje
Materialforvaltar	:	Kenneth Westerheim
Rankingførar	:	Stig Helge Westerheim
Rekruttering:	:	Sveinung Rykkje og Gunn Kjersti Røgenes
Turorientering	:	Storatraven :Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven, Gerda Øen, Jan Ove Øen
Uttaksnemnd	:	Jarle Halland og Linda Rykkje
Valnemnd	:	Jarle Halland, Tove Agdestein

#### Arrangement

Stord Orientering har avvikla følgjande terminfesta løp i 2015-sesongen:

- Kretsløp: Kristtornløpet
- Nærlosp: Kristtornspredden, Sparebankløpet
- Lokalløp: 7 rankingløp, 4 sprintløp, 4 nybyrjarkaruselløp, Sunnhordlandsmeisterskap stafett, 5 gateløp og 2 nattløp

Det har i år vore 105 deltagarar som har delteke på eitt eller fleire løp. I gjennomsnitt har det vore 46 deltagarar på rankingløpa, med flest på 1. rankingløp der det var 72 deltagarar. Diverre ser me ein trend med gradvis færre deltagarar på rankingløpa utover i sesongen. Vinterløp har også blitt gjennomført, som gatesprint og nattløp.

Stord orientering var også representert på Finn fram-dagen på Lundstre 19.04. Med 78 startande born i småtrolløypa og 26 ivrige born i labyrinth-orienteringa må me seia oss godt nøgde med oppslutninga. Totalt var det godt over 200 besøkjande med føresette.

Friluftsfestivalen blei arrangert på Litlabø 7. juni, der Stord Orientering hadde laga til ei lita nybyrjarløype som deltagarane kunne prøva seg i.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2015 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

#### Deltaking Sunnhordlandsranking 1994-2015

Løp. nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56
2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46

Løypeoversikt for 2015 sesongen												Gj. snitt	Ulike løparar
Lang	18	18	8	20	17	15	19	12	14	18		<b>16</b>	31
Kort	19	22	18	13	22	15	18	16	14	14		<b>17</b>	34
Kor.c	16	11	7	7	8	9	7	4	4	6		<b>8</b>	23
Nyb.	19	5	6	3	4	3	5	3	3	1		<b>5</b>	17
Tot.	<b>72</b>	<b>56</b>	<b>39</b>	<b>43</b>	<b>51</b>	<b>42</b>	<b>49</b>	<b>35</b>	<b>35</b>	<b>39</b>		<b>46</b>	105
Arr.	Fitjar	Stord	Onarheim	Stord	Stord	Sveio	Stord	Stord	Stord	Stord			



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2015 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

#### Ungdom og rekrutt

##### Treningsgruppe

O-skulen på Leirvik skule hadde stabilt rundt 14 deltagarar på våren og rundt 10 på hausten. Aldersgruppa er mellom 8 og 16år. Denne aktiviteten starta september 2012 og held på frå o-sesongen sluttar på hausten, til ny sesong startar opp i april. Her er det o-tekniske økter kvar gang. Gruppa deles ofte i to for utvikling på ulike nivå.. Trenarar har vert Sveinung, Linda, Marit, Gunn-Kjersti, Brita, Kari, Ingrid og Stian. Vinteren 2015-2016 tar Råmund Trener-1 kurs i orientering og vil få delansvar for treningane.

Torsdagstreningar frå Vabakkjen er for aldersgruppa 12+. Det har vert rundt 10 personar på våren og 7 på hausten Denne treninga har enkelte o-tekniske økter og mest kondisjonstrening. På sikt vil me også her få dei eldste ungdommene til å delta med treningsansvar, for å sikre kontinuitet og utvikling i gruppa. Ungdomstrenarar har frå 2014 av rett på trenarhonorar/lønn for øktene dei er utpeikt til trener/hjelptrener.

Me har arrangert gate-/sprintløp ca. kvar 3.tysdag gjennom vintersesongen. Det har vert i underkant av 20 deltagarar på desse løpa.



##### Finn Fram dagen

19.april arrangerte me Finn Fram dag på Lunstre, med bra oppmøte. Det var ei labyrintløype og ei nybyrjarløype på menyen og det var bra oppmøte og gode tilbakemeldingar. Me teikna kart over området Lundstre i denne samanhengen, som då kan nyttast ved gjentaking.

##### Bildejakt

Bildejakt og grøne turar nær Leirvik sentrum var eit prosjekt saman med frisklivssentralen i Stord Kommune. Det vart trykt opp 3000 eksemplar av brett-utkart og som vart delt ut gratis til barnehagar, skular og var tilgjengelig ved Vabakkjen og kommunehuset. Mange nytta tilbodet, men få leverte svarslippar på konkuransen. Premiar vart sponsa av Amfi senteret, Heiane storsenter, Stord Hotell, Almås hotell og Bakeriet Frugård. Me håpar mange unge som har gått på bildejakt, får lyst å prøve orientering som idrett.



##### Samlingar

1.februar stilte me på **Bergen sprint camp** med 10+2 deltagarar. I 2016 vert det dessverre ikkje BSC pga. NM-sprint i Bergen.

12.april etter **Kristtornløpa** hadde me pizza-samling med Fitjar si o-gruppe på Leirvik skule. Det var rundt 20 personer totalt. Quiz og sosialt.

1.-3.mai var det **HOK-treningssamling** 12-20+ på Stord. 4 deltagarar.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2015 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

28.-29.mai var det **o-troll leir** på Lundarstølen saman med Fitjar IL. Det var 18 born og 6 voksne. På programmet var det o-cup, eigne o-løyper som trolla laga sjølv og vanlig o-løype N og C. Det vart tid til bading i bekken, kort-spel og fine fellesmåltid.

8.-12.aug. **Hovedløp og O-landsleir** var ved Stavern og me hadde med Annie og Stian, samt Linda som trener. I 2016 vert dette arrangementet på Konnerud ved Drammen.

15.-16.aug. var me på **Odda 2-dagers** med overnatting på Lontjønnhytta saman med Fitjar. Felles grilling på kvelden. Berre 3 unge med frå Stord men mange frå Fitjar

5.-6.sep var me på **Vestlandsmeisterskap** i Førde, med overnatting på hotell og pizza-samling på kvelden. 4 unge med her

21-22.nov var me verter for **HOK-ungdomssamling** 12-20. Det var overnatting på Langeland skule og kjekke o-tekniske økter i nærområda. Her hadde me 5 unge med.

#### Turorientering

Storatraven vart avvikla for 44. gong og Litlatraven for 3. gong.

Karta i år var Lundarstøl/Sjoalemyro, Stordalen (Litlabø) og Hauglandskvedno for Storatraven, Røyrtjødno og Presthaug/Lundeåsen i Litlatraven. Det vart seld 419 konvoluttar (463 i 2014) fordelt på Storatraven 244 stk (278) og Litlatraven 175 (185) stk. Tilbakegangen skuldast lågare sal på Kværner Stord 114 (187) pga stor reiseaktivitet og dermed færre innom standen vår der (avgrensa salsdagar). Travane hadde totalt 90 postar å plukka, 30 stk i Litlatraven og 60 stk i Storatraven, postane var tilgjengelige i terrenget frå midten av mars til 31 august.

«Tur-o på nett» bruken er aukande for registrering av postkodar. 167 personar nytta seg av dette i 2015 Totalt 53 personar tok alle postane i Storatraven, 55 personar i Litlatraven. Det var 23 personar som tok alle 90 postane.

Mange hadde registrert seg i postkassane for månadens post og kvar «månadens post» vinnar fekk gavekort på kr. 300,-. 213 (188) personar hadde registrert seg ein eller fleire gonger på månadens post, av dei var det 16 (28) stk som hadde vore på alle 5 månadens post. Vinnaren av desse 16 vart i år Ernst Ove Notland som fekk gavekort på kr. 1000,-.

Butikkar som sel Tur-o konvoluttar er Sport1, G-sport, Esso og Intersport på Heiane.

Statistikk tur orientering	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Selde tur-o posar</b>						
Storatraven (1972)	230	213	277	278	278	244
Litaltraven (2013)				150	185	175
Totalt begge	230	213	277	438	463	419
<b>Personar :</b>						
Tur-o nett brukar	112	114	122	188	148	167
Alle postar Storatraven	42	36	52	67	52	53
Alle postar Litlatraven				42	44	55
Registrerte på månadens post				296	188	213



## SIL ÅRSRAPPORT 2015

### SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

Stord svømming IL  
Årsrapport Styre og Hovudtrenar



# ÅRSRAPPORT

STORD SVØMMING IL - 2015

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



### INNHOLD

#### Innhold

Innhold	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Styret	3
Stemner i 2015	4
Sportslege resultat	5
Trenarar i gruppa	6
Oppmannfunksjonen	7
Sosiale arrangement	8
Treningsleirane	9
Rekruttering	10
Tidtakaranlegget	12



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

### STYRET

#### Styret

Styret 2015 har bestått av;

Kjell Framnes	Leder
Ralf Teetzmann	Nestleder
Jostein Weiby	Kasserer
Adelheid Jensen	Styremedlem med ansvar for medlemsregisteret
Leif Magne Malme	Styremedlem og oppmann
Vanja Storetvedt	Styremedlem med ansvar for svømmeskolen og svømmeaksjonen
Ronny Onarheim	Styremedlem med ansvar for det tekniske
Maren Malme	Utøverrepresentant i styret
Anne Gjøsæter	Varamedlem til styret

Styret har fra forrige årsmøte avholdt 5 styremøter og et foreldremøte.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



### STEMNER I 2015

#### Stemner i 2015

##### Aproberte stemner

10.01-11.01	Åpent stevne Karmøy - avlyst
23.01-25.01	Skagerak Swim
17.01-18.01	LÅMØ kvalik
06.02-08.02	LÅMØ Vest
07.03-08.03	All Maritim vintercup
19.03-22.03	NM senior 2015
09.05-10.05	Sandnes Sprinten
29.05-31.05	Bergen Swim Festival
07.06.2014	HA-Open 2015
12.06-14.06	Stavanger Open 2015
12.09-13.09	Araber Swim 2015
04.10.2015	Åpent stevne Randaberg - avlyst
09.10-11.10	DnB Open
16.-18.10.15	SSC Kvalliken
24.10-25.10	Kvaerner Cup Stord
06.11-08.11	Nordsjøstevnet
19.11-22.11	NM/UM junior 2015
28.11-29.11	Auto 23 Cup 2015
06.12.2014	Julesprinten – reiste ikkje pga dårlig vær

##### Uaproblete stemner

Me var ikkje med på reine uaproblete stemne i 2015

##### Internstemner

15.02.2015	Internstevne Kulturhuset
14.06.2015	Internstevne Kulturhuset
18.10.2015	Internstevne Kulturhuset
12.12.2015	Basarstevne Kulturhuset

God deltaking frå dei minste partia i symjegruppa.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

### SPORTSLEGE RESULTAT

#### Sportslege resultat

Stord IL symjegruppa var representert under Senior-NM 2015 i Aquarama (Kristiansand) med Simon Aadland på 50m bryst med tida 30.62 og 27. plass.

Stord IL symjegruppa var representert under Jr. NM 2015 i Nordlysbadet (Alta) med Maren Thoresen Malme på 50m bryst med tida 35.18, 16. plass,

Simon Teetzmann var nest best i landet i klassen sin på 50m fri med tida 26.84 (Nordsjøstemnet 2015). Simon var 5. best i klassen sin på 50m rygg med tida 32.13.

Marte Gjøsæter deltok i finale under Skagerrak Swim 2015 på 50m fri med tida 28.47, 9. plass.

Maren Thoresen Malme gjorde personleg rekord under Nordsjøstemnet 2015 på 50m bryst med tida 34.75, 6. plass og kvalifiserte seg til Jr. NM 2015.

Bergen Swim Festival, Stavanger Open og Nordsjøstemnet var dei viktigaste stemna utanom Senior-NM i Kristiansand og UM/Jr. NM i Nadderudhallen. I tillegg til desse var LÅMØ-Vest eit satsingsstemne.

Symjarane i alle grupper har hatt fin framgang sportsleg med mange personlege rekordar.

Resultat ligg på:

<http://livetiming.medley.no/>

Me har også delt ut milepælspremiar til symjarar som har oppnådd tider etter kriterier gjennom sesongen 2015.



Stord-trenar, Pål Helland (t.h.) var godt nøgd med det Simon Aadland og Simon Helland presterte ei då NM for seniorar gjekk av stabelen i Kristiansand i helga.  
Foto: KJETIL DJUVE

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



### SPORTSLEGE RESULTAT

Aldersklasserekordar registrert fra medley.no fra 2002 Stord IL og Solid IL (kursiv) samanlagt (25m og 50m basseng) (siste oppdatering 14.12..2015)

		11 år	12 år	13 år	14 år	15 år	16 år	17 år	18 år	19 år	SR
50 m fri	Lena Bloch	Alida E. Jensen 35,32	Alida E. Jensen 31,45	Alida E. Jensen 29,73	Alida E. Jensen 29,11	Ingrid Hystad 28,57	Marte Gjøsæther 28,23	Marte Gjøsæther 27,52	Ingrid Hystad 27,82	Ingrid Hystad 27,68	
100m fri	Malene Martens 01:18:24	Alida E. Jensen 1.09,88	Alida E. Jensen 1.04,13	Malene Martens 1.03,56	Malene Martens 1.03,48	Malene Martens 1.02,45	Malene Gjøsæther 1.00,93	Alida E. Jensen 1.00,70	Malene Martens 1.01,37		
200m fri	Alida E. Jensen 2.54,94	Malene Martens 2.36,42	Alida E. Jensen 2.21,60	Malene Martens 2.19,23	Malene Martens 2.17,85	Malene Martens 2.16,13	Malene Martens 2.12,29	Malene Martens 2.10,65	Malene Martens 2.14,18		
400m fri	Alida E. Jensen 5.53,78	Alida E. Jensen 5.14,31	Alida E. Jensen 5.00,04	Malene Martens 4.54,62	Malene Martens 4.54,88	Malene Martens 4.51,39	Malene Martens 4.46,59	Malene Martens 4.46,01	Malene Martens 4.54,08		
800m fri		Lena Bloch 11.41,91	Alida E. Jensen 10.46,31	Malene Martens 10.13,78	Inger Kr.Steinsland 10.51,83	Malene Martens 10.26,49	Malene Vinsnesbakk 10.10,48	Malene Martens 10.27,10	Anna Teetzmann 10.25,15		
1500 m fri			Lena Bloch 23.11.2013	Alida E. Jensen 25.05.2008	Malene Martens 08.06.2008	Inger Kr.Steinsland 09.06.2007	Malene Vinsnesbakk 06.06.2010	Malene Martens 03.02.2006	Malene Martens 16.09.2012	Anna Teetzmann 10.10.2014	
50m rygg	Lena Bloch 40,53	Lena Bloch 36,5	Lena Bloch 36,14	Ingrid Hystad 35,05	Inger Kr.Steinsland 34,17	Malene Vinsnesbakk 32,17	Ingrid Hystad 32,18	Ingrid Hystad 31,57	Ingrid Hystad 31,89		
100m rygg	Lena Bloch 1.26,82	Lena Bloch 1.21,83	Lena Bloch 1.19,29	Lena Bloch 1.15,85	Ingrid Hystad 1.16,86	Malene Vinsnesbakk 1.12,19	Anna Teetzmann 1.14,21	Ingrid Hystad 1.12,04	Ingrid Hystad 1.13,42		



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

### SPOrtslege Resultat

200m rygg	Lena Bloch 3.06,76	Lena Bloch 2.54,25	Ailda E. Jensen 2.47,49	Malene Martens 2.43,32	Ingrid Hystad 2.40,11	Malene Visnesbakk 2.34,66	Malene Vinsnesbakk 2.31,54	Ailda E. Jensen 2.48,54		
	20.10.2012	20.10.2013	24.05.2008	29.03.2008	02.02.2007	19.02.2005	21.05.2006	05.01.2013		
50m bryst	Alida E. Jensen 45,84	Alida E. Jensen 42,02	Alida E. Jensen 40,03	Anna Rimmerereide 37,66	Anna Rimmerereide 36,24	Maren T. Malme 35,96	Katrine H. Nordnes 34,55	Malene Martens 37,32	Malene Martens 35,66	
	21.10.2006	10.06.2007	24.05.2008	09.11.2014	08.11.2015	09.11.2014	07.07.2002	18.02.2013	01.12.2013	
100m bryst	Alida E. Jensen 1.37,98	Alida E. Jensen 1.33,15	Alida E. Jensen 1.26,24	Anna Rimmerereide 1.23,93	Anna Rimmerereide 1.21,70	Maren T. Malme 1.20,67	Maren T. Malme 1.15,95	Malene Martens 1.20,50	Malene Martens 1.18,69	
	16.09.2006	09.06.2007	25.05.2008	06.12.2014	18.10.2015	23.05.2014	06.11.2015	15.09.2013	01.06.2013	
200m bryst	Nora Visnes 3.32,31	Alida E. Jensen 3.14,74	Alida E. Jensen 3.04,97	Anna Rimmerereide 2.59,74	Anna Rimmerereide 2.52,71	Maren T. Malme 2.51,37	Maren T. Malme 2.45,32	Alida E. Jensen 3.07,49		
	07.12.2014	14.04.2007	29.03.2008	07.12.2014	14.06.2015	18.10.2014	07.11.2015	1.6.2013		
50m fly	Malene Martens 39,63	Lena Bloch 37,63	Malene Martens 32,85	Malene Martens 31,89	Elisabeth Westerheim 30,17	Ingrid Hystad 30,91	Ingrid Hystad 30,37	Ingrid Hystad 29,7	Ingrid Hystad 29,94	
	29.10.2005	08.12.2013	10.11.2007	08.11.2008	20.11.2015	02.02.2008	14.07.2009	19.11.2010	25.11.2011	
100m fly	Lena Bloch 1.32,59	Malene Martens 1.23,15	Malene Martens 1.15,70	Malene Martens 1.11,37	Ingrid Hystad 1.10,59	Ingrid Hystad 1.10,99	Ingrid Hystad 1.12,17	Inger Kr.Steinsland 1.11,13	Malene Martens 1.09,20	
	08.12.2012	09.12.2006	14.10.2007	26.10.2008	06.04.2008	31.01.2009	19.02.2012	17.02.2013		
200m fly								Lene Gjøsæther 2.55,62		
								08.03.2014		
100m IM	Alida E. Jensen 1.28,24	Alida E. Jensen 1.20,47	Alida E. Jensen 1.16,25	Malene Martens 1.14,41	Ingrid Hystad 1.14,19	Malene Visnesbakk 1.10,98	Inger Kr.Steinland 1.13,17	Ingrid Hystad 1.11,38	Ingrid Hystad 1.13,65	
	21.10.2006	10.06.2007	13.09.2008	10.05.2008	20.10.2007	19.02.2005	07.06.2009	06.06.2010	20.02.2011	

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



SPORTSLEGE RESULTAT

200m IM	Alida E. Jensen 3.07,72 23.04.2006	Alida E. Jensen 2.51,67 21.10.2007	Alida E. Jensen 2.43,35 30.03.2008	Malene Martens 2.38,52 30.03.2008	Malene Martens 2.39,90 31.01.2009	Malene Vishesbakk 2.28,36 26.11.2005	Malene Martens 2.35,65 11.09.2011	Malene Martens 2.34,70 19.02.2012	Ingrid Hystad 15.01.2011
400m IM	Vilde A. Løkken 7.27,11 27.02.2010		Malene Martens 5.35,41 25.05.2008	Malene Martens 5.39,73		Lene Gjøsæther 6.10,42 14.06.2014	Malene Martens 5.31,24 18.02.2012		

Aldersklasserekorder registrert fra medley.no fra 2002 Stord IL og Solid IL (kursiv) sammenlagt (25m og 50m basseng) oppdatert 25.10.2015

Tabell: Conny Bloch

	11 år	12 år	13 år	14 år	15 år	16 år	17 år	18 år	19 år	SR
50 m fri	Simon Teetzmann 34,68	Simon Teetzmann 28,74	Simon Teetzmann 26,84	Petter Thorsen 26,52	Petter Thorsen 25,84	Petter Thorsen 25,27	Erling Ostrand 25,54	Simon Helland 25,22	Janis Treibluts 24,75	
	14.09.2013	10.10.2014	06.11.2015	11.11.2011	30.11.2012	30.11.2013	29.11.2013	17.11.2013	30.11.2012	
100m fri	Simon Teetzmann 1.19,13	Simon Teetzmann 1.06,23	Simon Teetzmann 1.00,1	Simon Teetzmann 1.00,16	Simon Teetzmann 58,79	Petter Thorsen 56,79	Torbjørn Visnes 57,14	Simon Helland 56,35	Simon Helland 56,84	
	24.11.2013	14.09.2014	07.11.2015	10.01.2016	03.06.2012	14.11.2013	02.06.2014	02.06.2013	02.06.2014	
200m fri	Simon Teetzmann 2.58,20	Simon Teetzmann 2.30,28	Simon Teetzmann 2.23,86	Simon Teetzmann 2.28,70	Petter Thorsen 2.14,37	Torbjørn Visnes 2.07,82	Erling Osland 2.05,06	Erling Osland 2.10,15		
	27.10.2013	11.10.2014	20.09.2015	09.01.2016	03.06.2012	20.10.2013	20.10.2013	09.03.2014		
400m fri	Adrian E. Jensen 6.07,55	Simon Teetzmann 5.29,52	Simon Teetzmann 5.03,78	Simon Teetzmann 4.55,41	Petter Thorsen 4.50,19	Torbjørn Visnes 4.38,43	Johannes Framnes 5.02,60			
	26.10.2008	19.10.2014	28.11.2015	09.01.2016	12.02.2012	08.02.2013	04.02.2006			
800m fri			Max Bloch 11,59,03							
			29.11.2015							



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

### SPORTSLEGE RESULTAT

1500 m fri			Max Bloch					
			23.07.16					
50m rygg	Simon Teetzmann 40,79 19.10.2013	Simon Teetzmann 34,78 01.11.2014	Simon Teetzmann 32,13 06.11.2015	Simon Teetzmann 32,03 09.01.2016	Petter Thorsen 30,55 02.12.2012	Petter Thorsen 30,36 01.12.2013	Petter Thorsen 31,31 01.06.2014	Simon Helland 32,49 14.09.2013
100m rygg	Sondre Fieldstad 1.29,41 23.11.2013	Simon Teetzmann 1.19,53 11.10.2014	Simon Teetzmann 1.12,93 19.09.2015	Torbjørn Visnes 1.18,51 22.10.2011	Torbjørn Visnes 1.16,62 06.09.2012	Petter Thorsen 1.07,08 26.10.2013	Adrian Brask 1.18,19 10.06.2006	
200m rygg	Anders L. Løsneågård 3.12,29 20.10.2006	Simon Teetzmann 2,56,44 19.10.2014	Simon Teetzmann 2,41,42 25.10.2015	Simon Teetzmann 2,37,36 10.01.2016	Erik Hystad 2,38,59 11.02.2012	Adrian E. Jensen 2,29,33 10.02.2013	Johannes Framnes 2,43,60 21.05.2006	
50m bryst	Adrian E. Jensen 43,25 27.10.2008	Adrian E. Jensen 42,45 25.10.2009	Adrian E. Jensen 38,15 05.10.2010	Adrian E. Jensen 34,81 04.12.2011	Adrian E. Jensen 33,82 02.12.2012	Johannes Framnes 32,61 29.10.2005	Simon Helland 32,04 08.11.2011	Simon Åland 30,46 01.12.2013
100m bryst	Adrian E. Jensen 1.36,30 27.10.2008	Adrian E. Jensen 1.32,11 25.10.2009	Adrian E. Jensen 1.25,26 24.10.2014	Adrian E. Jensen 1.17,27 11.11.2011	Adrian E. Jensen 1.14,15 30.11.2012	Johannes Framnes 1.12,28 04.06.2005	Adrian E. Jensen 1.09,45 01.06.2014	Simon Helland 1.09,62 22.11.2014
200m bryst	Adrian E. Jensen 3.32,44 26.10.2008	Adrian E. Jensen 3.21,74 24.10.2009	Adrian E. Jensen 3.05,63 13.02.2010	Adrian E. Jensen 2,46,81 12.11.2011	Adrian E. Jensen 2,43,49 01.12.2012	Adrian E. Jensen 2,43,49 09.02.2013	Johannes Framnes 2,44,75 10.06.2006	Simon Helland 3.02,76 26.01.2013
50m fly	Adrian E. Jensen 41,41 01.04.2008	Vebjørn Fieldstad 37,4 19.10.2014	Sondre Fieldstad 33,77 29,85 25.10.2015	Erik Hystad 28,98 04.12.2011	Petter Thorsen 27,77 09.12.2012	Erik Hystad 30.11.2013	Adrian E. Jensen 27,58 07.12.2014	Simon Helland 27,23 30.11.2013

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



### SPORTSLEGE RESULTAT

100m fly	Adrian E. Jensen 1.38,68 12.10.2008	Vebjørn Fjeldstad 1.29,75 19.10.2014	Sondre Fjeldstad 1.18,70 24.10.2015	Erik Hystad 1.10,13 13.11.2011	Ole L. Foseid 1.07,61 01.06.2013	Petter Thorsen 1.00,81 01.12.2013	Erling Ostand 1.03,30 19.10.2013	Erik Hystad 1.01,58 17.10.2015	Simon Høiland 1.03,61 17.10.2015
200m fly	Max Bloch 4.08,10 20.10.2013	Max Bloch 3.50,06 14.09.2014	Max Bloch 3.22,56 18.10.2015	Max Bloch 3.16,03 10.01.2016	Ole L. Foseid 2.52,78 26.10.2013	Erik Hystad 2.40,91 01.06.2013			
100m IM	Adrian E. Jensen 1.29,83 26.10.2008	Adrian E. Jensen 1.22,62 25.10.2009	Simon Teetzmann 1.15,88 14.06.2015	Adrian E. Jensen 1.09,87 04.12.2011	Adrian E. Jensen 1.07,56 09.12.2012	Adrian E. Jensen 1.06,11 02.06.2013	Adrian E. Jensen 1.04,13 07.12.2014	Janis Treubluts 1.07,21 07.05.2011	Simon Helland 1.05,79 07.05.2011
200m IM	Adrian E. Jensen 3.11,86 12.10.2008	Simon Teetzmann 3.06,49 19.10.2014	Simon Teetzmann 2.42,57 28.11.2015	Petter Thorsen 2.47,46 13.02.2011	Ole L. Foseid 2.37,18 10.02.2013	Adrian E. Jensen 2.25,53 10.02.2013	Johannes Framnes 2.41,81 10.02.2013	Janis Treubluts 2.34,00 20.05.2006	
400m IM	Max Bloch 7.34,78 23.11.2013	Max Bloch 7.22,68 02.06.2014	Max Bloch 6.30,09 17.10.2015						

Tabell: Conny Bloch



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

### TRENARAR I GRUPPA

#### Trenarar i gruppa

##### **Trenarar:**

##### **Måndag:**

Mellom: Ronny Onarheim og Anna Nøtland  
Satsing: Geir Inge Rimmereide og Pål Helland

##### **Tysdag:**

Minste 1: Christel Hollund (vikar Jan Kåre Fjeldstad, Pål Helland)  
Satsing: Jan Kåre Fjeldstad

##### **Onsdag:**

Mellom: Conny Bloch  
Satsing: Pål Helland

##### **Torsdag:**

Minste 2: Øyvind Løken  
Minste 3: Johanne Thoresen Malme og Daniela Schläpfer  
Satsing: Pål Helland

##### **Fredag:**

Mellom: Conny Bloch og Torfinn Tønnesen  
Satsing: Geir Inge Rimmereide

##### **Laurdag:**

Elite: Eigentrening (Conny Bloch)

##### **Søndag**

Satsing: Connie Bloch

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



### OPPMANNFUNKSJONEN

#### Oppmannfunksjonen

Få liste over alle stevne frå hovudtrenar kvar halvår. Dette skal brukast til å laga budsjett til alle stevne (reiser, overnatting m.m). Dette blir då vidare framlagt i styret.

- Planlegga og tinga reiser med overnatting og utforma foreldreinformasjon.
- Samla inn bilag o.l
  - Laga reiserekning for kvart stevne
  - Oppdatera budsjett og rekneskap (Styrer utifrå vedtatt budsjett)
- Organisera og tinga treningsleir for sommaren og oppstartsleiren.





## SOSIALE ARRANGEMENT

### Sosiale arrangement

Stord IL symjegruppa har gjennomført fire internstemne i året 2015.

Sommaravslutning med sosialt samvere etterpå.

Julestemne med basar på Hystad skule og utdeling av milepælspremier.

Trenarteamet har hatt pizzakveld med symjarane og snakka om planar og forventningar rundt trening og konkurransar.

Me bør få til fleire sosiale arenaer for symjarane. Hovudtrenar foreslår at ein i styret arrangerer eit sosialt arrangement i kvartalet, slik at me får eit system rundt dette.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



### TRENINGSLEIRANE

#### Treningsleirane

##### TRENINGSLEIR SOMMAREN 01- 08/08-2015.

- 19 symjarar og 4 leiarar og 3 «turister»reiste til Spania på treningsleir .
- Bustad var Hotell Cervantes med fullpensjon.
- 2 x 2 timar treningar kvar dag i eit topp 50m utandørs basseng.
- Det var stor innsats av alle med eit topp treningsprogram med hovudinstruktør Halvor Landmark.
- Det var også litt tid til strandliv, shopping og sightseeing.
- Me var og på ein seiltur med 2 båtar og fekk oss ein symjetur langt ute på det blå Middelhavet.



##### OPPSTARTSLEIR OS-badet. 28-30/08-2015.

- Me var i det nye Os-badet for oppstartsleir.
- Budde på Kuventræ Barneskule rett attmed, med eit stort skulekjøkken , så da hadde me alt på ein plass.
- 26 symjarar og 8 trenarar / leiarar. Deltakarar frå mellomparti og satsing.
- Alle fekk trena hardt og hadde stort utbytte av helga.
- Me var og ein tur på Middelalderfestival på Bergenhus Festning.



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

### REKRUTTERING

#### Rekruttering

Symjegruppa har arrangert symjeskule. Dei som har delteke her og ynskjer å gå vidare til minsteparti vert prioritert framføre andre born som står på venteliste.

Generelt bør me rekruttera fleire born til symjetreningsa, for eksempel kan me oppretta eitt misteparti til på tysdagar. Dette krev fleire trenarar. Me er i konkurranse med andre idrettar på Stord og misser mange symjarar i overgangen frå minsteparti til mellomparti, og i overgangen mellomparti til satsing. Forslag frå hovudtrenar om at styret ser på dette.

#### Trygg i vann og Svømmemeaksjon

#### Svømmemeaksjonen 2015

Det vart gjennomført Svømmemeaksjon i Stord Kulturhus i uke 26.

Stord Symjing fekk tildelt 3 pakker a'15 deltakere.

Deltakerne var 30 barn fra to barnehager og 15 barn fra Heiane Mottak.

Hovedansvarlig for det faglige opplegget var hovud trener Pål Helland.

Sikkerhet for deltakerne var i høysetet. Det var 12 instruktører fordelt på dei tre gruppene. Det var også 2 til 3 hjelpe ved basseng kanten.

Aksjonen vart gjennomført på ein vellykka måte.

#### Tryggivann 2015

Stord Symjing har i 2014 gjennomført to runder med Tryggivann kurs etter NSF's mal.

Tryggivann kursa vart avholdt vår og haust i bassenget ved Nysæther Ungdomskule.

Kursa bestod av følgende grupper: Kval, Skilpadde, Pingvin og Selunge.

Antall deltakere vår var totalt 38 barn.

Antall deltakere haust var totalt 45 barn.

I haust hadde me i tillegg til 4 kurs på Nysæter også to grupper med Hval på Kulturhuset.

Maks deltakere pr. gruppe på Nysæter var 10 barn.

Maks deltakere pr. gruppe på Kulturhuset var 5 barn.

Sikkerhet for deltakerne var overordna fokus ved gjennomføring av kursa.

# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING



### REKRUTTERING

Me hadde 3-4 instruktører pr gruppe på Nysæter, og 2 voksne hjelgere ved bassengkanten for å overvåke at sikkerheten vart opprettholdt. Me hadde 2 instruktører pr. gruppe på Kulturhuset og 1 voksen ved bassengkanten.

Etter endt kurs vart måloppnåelse pr. deltaker og evalueringsskjema utlevert til føresette.

Tilbakemeldingene var gode. Forbedringer som kom fram vil bli tatt aksjon på før kurs oppstart i 2016.





# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.3 - ÅRSMELDING STORD SVØMMING

### TIDTAKARANLEGGET

#### Tidtakaranlegget

Stord IL symjegruppa har investert i ny tidtakartavle, storskjerm, sekundklokke til intervaltrenings, PC til tidtakaranlegget og skrivar. Ei samla investering like over 70.000 kroner.

Me kan no visa tider frå Livetiming på storskjerm i Vestibylen i Kulturhuset.

Ansvarleg for tidtakaranlegget er Ronny Onarheim.



Stord svømming IL  
Årsrapport Styre og Hovudtrenar



# SIL ÅRSRAPPORT 2015

## SAK 6.2.4 - ÅRSMELDING STORD HANDBALL ELITE



# Stord HK

Stord Handball Elite

Organisasjonsnummer 996 974 340

## Styrets beretning 2015

### I. Virksomheten

Stord HK har som formål å drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, ved samarbeid og kameratskap å fremme håndball, på alle nivå, og skape et godt miljø for alle medlemmer. Klubben er selveiende og i allianse med Stord Idrettslag, med utelukkende personlige medlemmer. Stord HK spiller hjemmekampene i Vikahaugane Stord Sportssenter, hvor klubbens kontorlokaler også er lokalisert.

All omsetning knyttet til håndballproduktet som eksempelvis salg av kampbilletter, markedsavtaler og alle øvrige kamprelaterte produkter selges i klubbens regi.

